

KOMMUNALT INFORMASJONSMAGASIN FRÅ LUSTER KOMMUNE

LUSTRA

nytt

Nr. 1 • 2016

21. årgang



God sommer!

Ordføraren har ordet

Sjølv om det i skrivande stund framleis er godt skiføre i store deler av kommunen vår over 1000 moh, og landslaget i langrenn både trenar og kosar seg i topp preparerte løyper på Sognefjellet, må me seie at sommaren er komen. Dei ivrigaste badarane har alt teke sin fyrste dukkert i Lustrafjorden.

Mai og juni månad er ein hektisk periode for mange. Det er vårarbeid, nasjonaldag, konfirmasjonar, avslutningsfestar, dugnadar, eksamen og skuleavslutning. Alt skal gjerast unna før sommaren tek til for alvor. Slik er det og i det politiske "årshjulet". Medan nyåret er relativt roleg, har førsommaren eit tettpakka program med mykje møte og mange saker til politisk handsaming. Det er viktig å få avgjerd i saker før sommaren slik at innbyggjarar og bedrifter slepp å vente til utpå hausten for endeleg svar.

Kommunereforma har til no i år dominert det politiske ordskiftet og dagsorden. Knapt nokon andre saker ville kunne påverke innbyggjarane, og forandre kvardagen i kommunenoreg, meir enn nettopp denne reforma. Legg ein i tillegg inn endringar i inntektssystemet til kommunane og fylkeskommunen, endringar som fører til vesentleg reduksjon i inntektene, skjonar ein at dette vil kunne få innverknad for alle. Parallelt med dette går og regionreforma, der truleg fylkesmannsembete og fylkeskommunen vert omorganisert og samanslegne med Hordaland og ev Rogaland. Alt dette skjer etter mitt syn i eit svært høgt tempo, ja, nærmast uforsvarleg høgt. Stortingsvalet 2017 er som alle veit «deadline» for det meste.

Luster kommune, og eg som ordførar, har av mange vorte halde fram som kommunen og ordføraren som er i mot all reform. Redaktørar, pensjonerte embetsfolk, akademikarar på ulike nivå har gjennom både sosiale og lokale media hatt klåre meiningar om kva som er best for oss lustringar og sogningar. Me opplever nesten ein krampaktig hyllest av at all endring er bra nesten uansett, og eit bort imot fråvær av kritiske analysar om kva som no skjer med fylket vårt og den «demontering» ein no står framføre. Alle som ikkje kastar seg på denne reforma med det «positiv, framoverlent entusiasme» vert raskt stempla som bakstreversk, umoderne, og jamvel kommentarar som «me veit ikkje vårt eige beste».

Om alle kommunane kringom i Noreg som no har sagt nei til samanslåing ikkje veit sitt eige beste, har eg ingen tru på. Etter snart 20 år i kommunepolitikken veit eg at alle kommunar i landet arbeider kvar dag med å levere gode kommunale



Luster sett frå Vetle Haugmelen 2003. Ordførar Ivar Kvalen ynskjer å sjå Luster som fortsatt eigen kommune.

tenester innan dei råmer dei til ei kvar tid har til rådvelde. Og om det hadde vore slik at det kommunale tenestetilbodet hadde vorte monaleg betre, er eg sikker på at fleire hadde vore positive til denne reforma. Regjeringa har ved kvart høve, og ved kvar krossveg i denne kommunereforma, ikkje komme med noko konkret som seier at det kommunale tenestetilbodet vert betre. Heller ikkje seier dei kva oppgåver det nye kommunenoreg kan ta over frå Staten og fylkeskommunen.

Eg trur det beste no er å roe det heile ned, late kommunane få betre tid. Dette er ein prosess som må mognast. Reformarbeid i panikktempo får sjeldan godt resultat. Det er klårt at endringar vil komme, og endringar på fleire område er naudsynte slik har det no også alltid vore. Regjering og Storting må ha tillit til at folk veit sitt eige beste. For mange kommunar vil det heit sikkert vere naturleg og nadosynt å søke saman, og at dette i sum vert noko alle tenar på. Men dette må ein finne ut av lokalt og få bruke den tida som er naturleg. Luster har gjort grundige vurderingar på kva konsekvensane vert for oss om me står åleine eller om me vert ein del av ein storkommune i Sogn. Konklusjonen er at Luster er godt skikka til å levere gode kommunale tenester også i framtida som eigen sjølvstendig kommune.

God sommar til alle!

Ivar Kvalen - ordførar

Rådmannen har ordet

Nye utfordringar

Den kommunale kvardagen har stadig nye utfordringar. Rådmannen har hevda og skrive det før, og meiner det er meir sant enn nokon gong. Rundt oss og over oss er det store strukturreformer om det som gjeld kommune, høgskule eller politi. Det kunne vore nemnt langt fleire. På ulikt vis påverkar reformene oss i kommunen. Me må i det minste tilpassa oss, eller i mange tilfelle er det og endra føresetnader og oppgåveendringar som møter oss.

Sjølv om Luster på ein ryddig måte har lagt bort kommunereforma og vel å gå vidare som eigen kommune, betyr ikkje det at alt blir som før. Det mest nærliggjande er at inntektssystemet vert revidert og det økonomiske grunnlaget for å gå vidare på eigen kjøl

vert litt svekka. Grunna stort areal og dermed store avstandar kjem ikkje Luster i kategorien «frivillig liten kommune».

Dermed mister me lite pengar på strukturkriteriet i nytt inntektssystem, men samla taper me nær på 3 millionar kroner pr. år på revisjon av inntektssystemet.

Når me veit at kraftinntektene er nede i ein bølgedal, der prognosen kan vere om lag eit like stort tap på eigedomsskatt neste år, har rådmannen noko bringeverk for kommuneøkonomien. Myten om at Luster har så god økonomi er tung å avliva, men tala sin tale er no slik at fleire enn rådmannen tek dette inn over seg.

Det er i dette biletet rådmannen stressar utviklings- og endringsarbeidet. Me er pålagt å løyse nye oppgåver som ikkje

alltid er fullfinansierte. Og me er pålagt å sikra kvalitet og utvikling av oppgåver i tråd med nye krav og behov. Det vert føresett at me jobbar smartare, forenkla og effektiviserer. Samanlikna med andre kommunar syner at me har litt å gå på når det gjeld ressursutnytting. Noko går på struktur, men me skal og vere opne for at me kan arbeide «smartare» og få meir ut av ressursane. Digitaliseringa gjer seg gjeldande på alle område, og rett rigga og brukt så skal det gi gevinstar.

Me arbeider kontinuerleg med dette, noko i kvardagen og noko i større prosjekt.



Jarle Skartun
rådmann

Denne vinteren og våren har me arbeidd mykje med:

Framtidig tenestetilbod i pleie og omsorg

Bakgrunn for saka om framtidig tenestetilbod i pleie og omsorg, og vedtaket i kommunestyret 21. april 2016, er følgjande problemstillingar:

- Korleis møte framtidige utfordringar?
- Korleis gjennomføre vedteke innsparingskrav?
- Korleis sikre rekruttering, kompetanse, kvalitet og kapasitet?

Noko av det mest sentrale i det framtidige tenestetilbodet er auka satsing på førebyggjande arbeid samt ei dreining

frå institusjonsbaserte til heimebaserte tenester. I dette ligg ei målsetjing om at flest mogleg skal få bu lengst mogleg heime med tenester etter behov. Om ein ikkje kan bu heime, skal ein primært få tilbod om omsorgsbustad eller omsorgsplass med tenester etter behov. Dette er ei endring som i stor grad er gjennomført i andre nordiske land, og som no vert

Assisterande rådmann John Olaf Røhme (til venstre) skal ha ei serskilt oppgåve med å følgje opp arbeidet med innføring av framtidig tenestetilbod i pleie og omsorg i lag med rådmann Jarle Skartun.




gjort i mange norske kommunar. Bakgrunn for dette er mellom anna at sjukeheimar vart utvikla etter sjukehusmodellar, med vekt på kliniske behov og effektiv pleie. Over tid har ny kunnskap

om aldring og synet på brukarane endra seg. Brukarane er ikkje lenger “berre” pasient, dei er også unike personar – og tilboda har gått i retning av ei tilpassing til individuelle behov.

Det er i tillegg ei førebuing til den store auken i tal eldre som vil kome, og som vil utfordre norske kommunar – også Luster – i høve kapasitet, kompetanse og økonomi.

Tabellen syner utviklinga i Luster i høve tal eldre over 80 år i åra som kjem:



Tabellen syner at tal 80+ i Luster går noko ned fram mot 2020 for deretter å auke. Ulike regjeringar har i fleire Stortingsmeldingar understreka at kommunane må bruke tida fram mot 2020 på å førebu auken som kjem, og det er skildra mange konkrete tiltak. Eit fellestrekk i dei nasjonale føringane er ei auka satsing på førebyggjande arbeid og gode tilbod på lågare nivå. Det som no er vedteke i Luster er difor også ei oppfølging av nasjonale føringar, som til dømes samhandlingsreforma og andre Stortingsmeldingar.

Ein følgje av kommunestyret sitt vedtak er at heimetenestene i Luster i framtida skal yte tenester til heimebuande, bebuarar i omsorgsbustad og på omsorgsplass. Dette vert og gjort i dag, men tal omsorgsplassar vert auka frå dagens 25 til 46, og målsetjinga er at brukarar skal kunne bu lengre på desse nivåa enn dei gjer i dag - gjerne livet ut.

Eit viktig element i dette er ei vidareføring av ei sterk og godt kvalifisert korttidsavdeling (KA) som skal syte for utredning, rehabilitering/opptrening, etterbehandling etter sjukehusopphald, medisinsk behandling ved sjukdom, korttidspleie og avlastingsopphald.

I tillegg skal det satsast aktivt på velferdsteknologi, dagtilbod og kvardagsrehabilitering. Det vert og lagt opp til eit utvida samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, og besøkstenesta er i vedtaket (punkt 1) nemnd som ein særleg viktig samarbeidspart. Med den vedtekne løysinga vil det vere mogleg å etablere gode fagmiljø og høg kvalitet på tenestene. Gode fagmiljø og gode tenester vil normalt gje attraktive arbeidsplassar, som igjen bidreg positivt til å rekruttere og behalde medarbeidarar. Den forventede økonomiske gevinsten i dette ligg i at tilbod på lågare nivå er billigare enn tilbod på høgare nivå i omsorgstrappa, og konkret vert den vedtekne innsparinga føreslege gjennomført ved ein reduksjon i tal langtids plassar.

Rådmannen har starta arbeidet med oppfølging av vedtaket, og steg 1 i dette vil vere ein ny organisasjonsstruktur/nytt organisasjonskart. I tillegg vil tildeling av tenester så langt som mogleg bli gjort i tråd med det vedtekne tenestetilbodet, og det vil bli starta arbeid med ombygging ved sjukeheimen på Hafslø. Rådmannen tek sikte på at den nye organisasjonsstrukturen skal vere avklara før sommaren, og at vidare arbeid vil bli gjort

i tett samarbeid med leiarane i den nye strukturen og aktuelle tillitsvalde.

Det meste av utviklingsarbeidet vil bli gjennomført i den ordinære driftsorganisasjonen, men nokre tiltak, som til dømes velferdsteknologi, vil bli organisert i egne prosjekt.

Vedtaket er omfattande og det er føresett at omlegginga til det nye tenestetilbodet skal skje gradvis. Det vil difor ikkje vere mogleg å fastsetje nøyaktige tidspunkt for når ulike vedtakspunkt/tiltak skal vere gjennomført. Det som uansett er klart er at det vert ei krevjande tid framover der ein både skal drifte dagens tilbod samstundes som mykje skal leggjast om. Det må under dette understrekast at det er mykje som skal vurderast og det vil det alltid vere noko usikkerheit knytt til mange av desse vurderingane.

I tillegg til at kommunestyret sitt vedtak er svært konkret på mange område, gjev det og ein klar retning for vidare arbeid. Prosessen fram til kommunestyret sitt vedtaket har vore omfattande og den har mellom anna synleggjort brei semje om utviklingsretninga – ei forankring og semje som vert vurdert som svært viktig for det vidare arbeidet.

Vedtaket

om framtidig tenestetilbod i pleie og omsorg

I møte 21. april i år gjorde kommunestyret følgende vedtak i saka om framtidig tenestetilbod i pleie og omsorg (sak 28/16):

1.

Luster kommune skal ha gode tilbod på alle nivå i kommunen si helse- og omsorgstrapp. Overordna strategi for å møte nye krav og framtidige utfordringar i tenesteområde pleie og omsorg er styrking av dei lågare nivåa i helse- og omsorgstrappa.

Kommunen sitt generelle folkehelsearbeid og det konkrete arbeidet med førebyggjande tiltak som kvardagsrehabilitering, velferdsteknologi og dagtilbod skal vidareførast og prioriterast. Besøkstenesta bør styrkast.

2.

Det skal så langt som mogleg leggjast til rette for å kunne bu lengst mogleg i eigen bustad eller i omsorgsbustad med tenester etter behov, også heildøgns tenester om naudsynt.

3.

Etter ei gradvis omlegging vert tenestetilbodet ved dei tre omsorgssentra slik:

Luster omsorgssenter:

- 30 langtids sjukeheims-/institusjonsplassar + 3 rom som bufferkapasitet.
- Tenester i omsorgsbustader etter behov.

Gaupne omsorgssenter:

- 8 korttids sjukeheims-/institusjonsplassar + 4 rom som bufferkapasitet.
- 2 av desse plassane skal vidareførast som augeblikkeleg hjelp plassar.
- 28 omsorgsplassar i bufellesskap med heildøgns tenester.
- Tenester i omsorgsbustader etter behov.

Hafslo omsorgssenter:

- Kompetansesenter for demensomsorg.
- 18 omsorgsplassar i bufellesskap med heildøgns tenester.
- Dagtilbod for demente.
- Tenester i omsorgsbustader etter behov.

Om det syner seg at ein har feil dimensjonering av langtidsplassar så føreset ein rom i modellen for å endra dette.

4.

Det vert så snart som mogleg gjennomført ei mindre ombygging ved Hafslo omsorgssenter slik at romma og uteområde vert tilpassa det nye tenestetilbodet. Det vert løyvd kr 1 mill. frå disposisjonsfondet til ombygging på Hafslo og andre aktuelle tiltak. Det vert på lengre sikt planlagt med ei større reovering av Hafslo omsorgssenter.

5.

Rådmannen får mynde til å gjennomføre utviklingsarbeidet og tilpasse organiseringa av tenesteområde pleie og omsorg til det nye tenestetilbodet. Det skal etablerast ein organisasjon som fremjar kvalitet, fleksibilitet, god ressursutnytting og som har ein tydeleg leiarstruktur. Informasjonsbehovet må ha stort fokus særleg i høve innhaldet av tenester på omsorgsplass med heildøgns tilbod. (nivå 3)

6.

Ein må ha sterk fokus på å betra transporttilbodet for både eldre og pårørande som har behov for det.

7.

Ein må ha sterk fokus på rekruttering av arbeidskraft med rett kompetanse. Det må lagast ein rekrutteringsplan som og fokuserer på uønskt deltid.

8.

Rus og psykiatri er eit aukande problem som må få større merksemd i det vidare arbeidet.

9.

I det vidare arbeidet må ein vurdera å slå saman heimetenesta og sjukeheimstenesta til 1 eining.

10.

Alle tre institusjonane skal oppretthalde sitt tilbod om fysioterapi og aktivitetar for bygdefolk/heimebuande som soknar til institusjonane.

11.

Planen skal evaluerast etter 2 år.



Anders Kvam får overrekk kulturprisen på kommunestyret sitt møte i desember 2015. Foto: Sogn Avis.

Anders Kvam - kulturprisvinnar 2015

I nominasjonen til årets kulturpris heiter det m.a.: Heilt frå i ungdommen har kulturpriskandidaten vår vore

aktiv i «ly og lag». Då Sogn ungdomslag hadde sine årvisse stemne rundt om i fylket, var kandidaten vår som oftast med

og deltok i «amatør-tevlingar» der han deklamerte dikt. Noko kandidaten hadde ei spesiell evne til. Innlevinga og framføringa, sjølv sagt utanboks, førte til at han gjekk sigrande ut or desse tevlingane ... gong etter gong.

Luster kommune sin kulturpris

Luster kommune har sidan 1985 tildelt sin Kulturpris. Bakgrunnen for den kommunale kulturprisen har vore og er framleis å gje betre vilkår for kulturarbeidarar i kommunen, og for å vera til inspirasjon for alle som driv aktivt kulturarbeid. Kulturprisen skal særleg vera ein honnør for oppofrande kulturarbeid.

Kulturprisen skal ikkje reknast som tilskot til planlagde oppgåver, men som ei påskjøning. Kulturprisen kan delast ut til einskildpersonar, organisasjonar eller institusjonar som har utmerka seg i særleg positiv kulturell samanheng. Kulturprisen vil bli delt ut kvart år, så sant det finst høvelege kandidatar.

Ved ungdoms-stemmer i Fjærland gjekk han to gonger over fjellet dit med flagg som hadde ei eiga historie. Flagget var utan unionsmerke som hadde vore påbode medan landet vårt var i union med Sverige. Sogn ungdomslag som del av Noregs ungdomslag var med å påverka kampen for det

- Er "Lustraflagget" det eldste norske flagget i Noreg, spurde Anders Kvam då han synte fram og fortalde om dette heilt spesielle flagget til pensjonistane i pensjonistlaget i 2005. Dette flagget som nokre ungdommar i Luster laga for over 100 år sidan, i 1896; lenge før Union-sopploøsinga. Dei som held flagget er Johan Solheim (t.v.) og Hans Lavoll.



1956. Til fots over frå Veitastrond til Fjærland til 60-årsjubileum for Sogn Ungdomslag. Ved varden i Skaret, på toppen av Snauedalen, tok ungdommane frå Luster ungdomslag fram det 60 år gamle flagget for fotografering. F.v. Melkior Fuhr, Anders Berge, Hans Lavoll og Anders Kvam. Fotograf er Nils Dalehaug.

reine norske flagget. Luster ungdomslag hadde skaffa seg eit flagg utan unions-merke alt før dette var vedteke.

Då Sogn ungdomslag feira jubileum i Fjærland, var det kandidaten vår, saman med tre andre frå Luster som gjekk over fjellet med det gamle flagget. Det same gjorde dei ved 100 års jubileet i 1998. Dei var også med på ei markering i Trondheim same året, og det gamle flagget er no i trygg lagring i ein safe i Luster Sparebank.

Luster ungdomslag hadde tradisjon for å driva med mange aktivitetar der kandidaten vår

både var med og samtidig var ein pådrivar for å få andre med. Mellom anna var det mange gonger amatørteaterarbeid med mykje øving og flotte framsyningar. Laget gjorde seg synleg i vide krinsar, og dette førte også med seg at dei tok på seg arrangøransvaret for «Sognestemna» eit år. Dei fekk ofte i stand programkveldar som dei la ned mykje arbeid i, og det er i dag denne kulturelle innsatsen, ikkje berre for si eiga interesse, men for lokalsamfunnet og kommunen, me i år ønskjer å markere med Luster kommune sin kulturpris.

Framleis kan me be han Anders om eit dikt når det høver.

Spørsmålet er berre kva for eit me vil høyra? Så hentar han fram frå minnet det eine «gullkornet» etter det andre. Det er imponerende at det han lærde som ung, framleis sit friskt i minnet hans i ein alder av 85 år.

Kulturprisen skal altså ikkje reknast som tilskot til planlagde oppgåver, men som ei påskjøning. Og det er med bakgrunn i dette at Luster kommune i år har vedteke å gje kulturprisen for 2015 til deg Anders Kvam. Prisen er på 20.000 kroner i tillegg av eit diplom og blomsterhelsing frå Luster kommunestyre.



Det var ein stor dag for Torodd og kona Margit-Johanna å få møte Kong Harald og Dronning Sonja. Foto: NTB/Scanpix.

Kongens fortjenestemedalje til Torodd Joranger

I påska vart det arrangert flott konsert med Indre Hafslo spelemannslag i ungdomshuset Ljosvang. Nokre få personar visste då at her skulle ei av bygda sine eldsjeler heidrast. Kameratar i Indre Hafslo spelemannslag var initiativtakarar til søknad om Kongens fortjenestemedalje til Torodd Joranger.

Det var ståande applaus og mange tårevåte augo då ordføraren heldt tale og overrekte medalje frå Kongen til Torodd.

Utdrag frå ordføraren sin tale:
«I kveld skal me ilag heidra nettopp ei slik eldsjel. Personen me i kveld skal heidra har vore aktiv innan ei rekke lag og organisasjonar. Eit av dei fyrste verva var som styremedlem og seinare leiar i Vårliv 4H tidleg

i ungdomen. Han har og i tillegg hatt ei rad verv i lag og organisasjonsliv her i bygdi og elles i kommunen.

Han har og hatt verv i idrettslaget Bjørn mellom anna leiar i handballgruppa, styremedlem i hovudstyret og han var oppmann for handballdamene då dei rykka heilt opp til 3 divisjon. Men det er vel musikken som alltid har lege hjarta nærast. Sikre kjelder hevdar at han fekk sitt fyrste trekkspel alt som 12 åring, og då var det gjort.

Han debuterte som spelemann nettopp på denne scena under 17. mai-festen i 1965. I åri som har komme etter har han ilag med gode kameratar spela til dans både på fest og i bryllaup, og halde konsertar både i kyrkja, bedehus og i ungdomshus. Det vart til og

med sagt at når folk skulle gifta seg, tinga dei nettopp desse spelemennene før presten. Han har i desse vel 50 åra som spelemann truleg bak seg fleire hundre spelekvevdar, ja kanskje nærmare 1000.

Då det i 1977 skulle skipast skule og ungdomskorps her på indrebygdi, var vedkommande sjølv sagt aktivt med på laget; fyrst i styret, så seinare leiar, og i mange år dirigent for korpset. I 1982 var han initiativtakar for skipinga av Indre Hafslo Spelemannslag, og har vore ein sentral pådrivar i alle år. Han var leiar i spelemannslaget samanhengande frå skipinga i 1982 og fram til 2015. Han var og primus motor for påskerevyane som fekk sitt utspring i spelemannslaget, og var tekstforfattar og regissør i for revyngjengen i 15 år.

Han var og pådrivar for at spelemannslaget og den flotte revyjingen spelte inn kassetar med både dansemusikk og song. Mange av oss hugsar vel godt den store hitten «Dei spelar så blodet brenn» som hadde nærmast rekord i tal veker på Fylkestoppen til NRK.

Dei siste 10 åri har han ilag med sitt faste orkester og gjestesolistar turnert heile kommunen og rundt i Sogn og Fjordane: På eldresenter, allsongkonsertar og mange andre tilstellingar med gamle «svisker» frå 50- og 60-talet. Det seiast at dei no etter kvart er vorte så populære at det vert bytt datoar berre dei vil komme å spele.

Frå 2013 har han organisert, i lag med Spelemannslaget, sin eigen julekonsert i Joranger kyrkje. No i julehelga spelte dei for 5 fulle hus, og dei kunne sikkert ha fylt kyrkja nokre gonger til.

Det er ikkje tvil om at musikk er sentralt i denne karen sitt liv, men han har og ei stor interesse i meir journalistisk arbeid. Både som redaktør og medlem i redaksjonen til Bjønnaposten, har han no til jul vore med å gitt ut si 40-ande utgåve av dette klubb-bladet for idrettslaget Bjørn, og det vert vel neppe det siste. For dette arbeidet har han fått idrettslaget Bjørn sin heiderspris i 2003 og Luster kommune sin kulturpris i 2007.

Ja, no er det sikkert mange av dykk som byrjar å ana kven me no snakkar om. Så då vil eg til slutt seie at det er ei stor glede for meg og initiativtakarane til dette, gode kameratar i Indre Hafslo Spelemannsla, på vegne av Hans Majestet Kong Harald få overrekke Kongens fortjenestemedalje til Torodd Johan Joranger.»



Unni Molland 100 år

Den 16. april 2016 feira Unni Molland 100-årsdag på Hafslo omsorgssenter i lag med barn, barnebarn og oldebarn. Ordførar Ivar Kvalen hadde med blomsterhelsing frå Luster kommune.
Foto: John Molland.

Luster Sparebank delte ut stipend på Lustramarknaden

6 flotte ungdomar fekk 10.000 kvar:

Linda Marheim Watten, skribent/forfattar

Kultur:

Christian Brusegård Kvam, dans

Renate Fredheim, dans (ikkje til stades)

Idrett:

David Høyheim Skintveit, fotball

Siri Sandvik, fotball (ikkje til stades)

Karoline Fet, hestesport



Banksjef Oddstein Haugen og fire av stipendvinnarane: f.v. Linda Marheim Watten, Karoline Fet, Christian Brusegård Kvam og David Høyheim Skintveit.

Heider til kommunalt tilsette



I desember 2015 var det samling på Eikum hotell med markering av tilsette med 25 års fartstid i Luster kommune. Framme f.v.: Kari Paulsen, Gunvor Kjos-Wenjum, Bodil Blikra, Liv Solbakken og Grete Henny Kalhagen. Bak f.v.: Inger Søn-

nesyn, Kirsten Sørheim, Truls Rogstad, Marianne Nepstad, Ingrun Bolstad og Anita Bjørk Ruud. Ikkje tilstades: Anita Bøen, Olav Grov, Torill Kalhagen, Laila Kvamme, Guri Sissel Lerum, Bente Røneid, Mette Grov Ruud og Solveig Sviggum.



40 år i kommunen

I ei markering på rådhuset i desember fekk Trygve Engesæter, Jan Kåre Norberg og Torodd Joranger overrekket gåve frå kommunen. Alle tre har hatt arbeidet sitt på rådhuset i over 40 år. Dei har gått av med pensjon, men er lette å be om ei teneste når me treng deira hjelp. Det set me stor pris på. Her er dei saman med rådmann Jarle Skartun t.v. og ordførar Ivar Kvalen.

Personalnytt



Nytt fjelloppsyn

Runar Hatlevoll er 29 år, har vokse opp på Ornes, men bur i dag i Sogndal. Han har studert utmarksforvaltning, økonomi og administrasjon og pedagogikk. Dei siste åra har han arbeida som lærar ved Hafslo barne- og ungdomsskule, noko han skal fortsette med ved sida av fjelloppsynstillinga. - Frå 1 august startar eg opp i stillinga som fjelloppsyn, og ser fram til dette. Eg trur det kan bli ein kjekk kvardag der eg får kombinert to kjekke yrke. På fritida går det mykje i jakt, friluftsliv og trening.

Ny medarbeidarar i flyktingeteamet

Linda Kristin Brunborg – flyktingkonsulent.

Jobben hennar er å busetja, integrera og kvalifisera nye flyktingar i Luster kommune, og ho trivst godt i jobben. Er gift, har to born, er lærdøl, men busett på Hafslo, og trivst godt der. Fritida blir nytta til familie, trening og friluftsliv, og så prøver ho å delta i Hjelpekorpsset når tida strekk til.

Liv Endresen – miljøterapeut.

Er 38 år, bur i Marifjøra med sambuar og to born. Ho kjem frå Stavanger og har budd i Luster sidan 2003. Ho tok sosionomutdanning i Sogndal og har tidlegare jobba bl.a. som ungdomskontakt og miljøterapeut i psykisk helseteam. Ho starta i Flyktingetenesta i januar som miljøterapeut og jobbar hovudsakleg med språkpraksis og burettleiing.



Flyktingekonsulent Linda Kristin Brunborg (t.v.) og miljøterapeut Liv Endresen.

Ny rektor og inspektør ved Luster ungdomsskule

Kristin Vee (t.h.) er tilsett som ny rektor ved Luster ungdomsskule frå 1. august 2016. Inneverande skuleår har Vee hatt stillinga som assisterande rektor ved skulen. Vee har elles ein brei utdannings- og praksisbakgrunn. Ho er utdanna lærar, har hovudfag i pedagogikk og har vore rektor ved Kvam skule i Molde, leiar av PPT og undervist på både høgskule og ungdomsskulenivå.

Mona Kristin Bukve er tilsett som ny inspektør ved Luster ungdomsskule frå 1. august 2016. Bukve har lang erfaring som lærar ved Luster ungdomsskule. Også Bukve har ein brei utdanningsbakgrunn med mellom anna norsk, matematikk, KRLE og spesialpedagogikk i fagkrinsen. I tillegg har Bukve gjennomført vidareutdanning om skuleleiing, den såkalla rektorskulen.



Lustrabui årets bedrift

Ordfører Ivar Kvalen delte ut prisen til Gudny Alme og Tordis Alme Langvassbråten på ein strålende marknadsdag:

Utdelinga av prisen "Årets bedrift i Luster" er ei årleg tilskiping på Lustramarknaden. I år 2016 er det 26. gongen denne utmerkinga vert delt ut. Det er næringsutvalet i Luster kommune som avgjer kven som får prisen.

I statuttane for tildelinga står det mellom anna:

«Prisen som årets bedrift er ei honnørutmerking.

Prisen vert delt ut til ei bedrift som på ein positiv måte har utmerka seg. Prisen kan gå til etablerte føretak og nyetableringar»

I år 2016 går prisen til ei relativ ny bedrift i Luster kommune.

Det er eit føretak som svært mange lustringar har eit forhold til, svært mange har smakt produkta deira.

Årets bedrift 2016 er Lustrabui AS, og eg vil be dagleg leiar Gudny Alme og styreleiar Tordis Alme langvassbråten om å komme fram.

Kvifor har så Lustrabui fått denne utmerkinga:

Lustrabui vart skipa den 26. april 2008. Bakgrunnen for skipinga var at Gudny hadde vore utanlands ei tid og som ho seier; «ho måtte finne på noko å drive med». I same tidsrommet flytte syster til Gudny, Tordis heim att til Luster. Samvirkelagsbygget i Luster sto då tomt og dei fekk tilsagn om å kjøpe dette. Dei to systrene skipa Lustrabui AS og gjekk i gang med ei betydeleg opprusting av bygget.



Systrene Gudny Alme og Tordis Alme Langvassbråten tok i mot prisen og delte den gjerne med alle sine medarbeidarar. Ordføraren la ikkje skjul på at han set særleg pris på kanelsnurrane til Lustrabui. Prisen er ein akvarell laga av Signe Fortun Weka.

Gudny hadde over tid vore interessert i Bakeriet på Lom som Morten Schakenda har bygd opp. Det er og eit bakeri basert på vedfyrt steinomn. Gudny fekk høve til å vere på bakeriet i Lom i halvanna månad for å lære seg meir om handverket. Etter at bygget i Luster var oppgradert og steinomn var murt, opna Lustrabui med brask og bram. YX på Hafslø var fyrste verksemda som fast kjøpte brød frå dei, mange andre har komme etter.

I starten vart det svært mykje jobbing på dei to grunderane, både dag og natt. Etter kvart har det vorte fleire i jobb. Dei har og no ein fast tilsett bakar. I 2013 opna dei utsal i Sogndal. No sommaren 2016 vil det vere 12 personar i arbeid hjå Lustrabui.

Omsetninga til selskapet var i 2015 på 5.5 mill kr. Sommarsesongen med turistar er avgjerande for dei økonomisk, men dei har aktivitet heile året.

Det mest populære produktet er kanelsnurr, det spør alle etter. Elles har dei hatt folk som har

komme heilt frå Frankrike for å finne Lustrabui. Ein trøndar kom på motorsykkel ein haust for å kjøpe rugbrød som han skulle fryse ned og ha til vinteren.

Lustrabui er opptekne av at folk skal ete skikkeleg brød. Lustrabui bakar brød basert på ulike mjøltypar, gjær, vatn og litt salt, ikkje noko kunstige tilsetjingsstoff. Alt utanom eltinga er handarbeid, det er og spesielt at alt er basert på ein vedfyrt steinomn.

Oppsummert vil eg seie: *Lustrabui er ei verksemd som produserer gode produkt basert på mykje handarbeid. Verksemda er ein viktig arbeidsplass i Luster kommune og ein positiv miljøfaktor både i lustrabygdi og Sogndal sentrum* Lustrabui vart starta av dyktige folk som har arbeidd mykje, dei har utvikla gode produkt og yter god service. God mat går ikkje av moten.

Til lukke med prisen som årets bedrift 2016.



Oddmund Hoel overrekte målprisen for 2016 til Norskopplæringa i Sogndal ved Elisabeth Norman og elevar frå Luster. Gratulerer!

Målprisen til Norskopplæringa i Sogndal

Oddmund L Hoel delte ut prisen på Lustramarknaden:

Luster mållag har i dag gleden av å dele ut Målprisen for 13. gong.

Prisen skal gå til verksemder, institusjonar, organisasjonar eller personar med tilknytning til Luster som gjer eit framifrå arbeid for å fremja god nynorsk og dialekt.

Jury for prisen er styret i Luster mållag.

Målprisen for 2016 går til **Norskopplæringa i Sogndal**.

Dette er opplæringstenesta som driv norskopplæring for vaksne innvandrarakar i Luster. Det vanlege i mange nynorskkommunar har vore at dei vaksne har lært bokmål sjølv om borna deira har lært nynorsk i skulen. Dei siste åra har eit stort nasjonalt arbeid med Noregs Mållag i spissen fått mange titals nynorskkommunar til å leggja om til

nynorsk. Det er rett og rimeleg og ikkje verdt ein målpris i seg sjølv, men somme kommunar har vore viktigare enn andre i denne omlegginga.

For nokre år sidan vedtok Luster kommune å leggja om til nynorsk, og den felles norskopplæringstenesta for Sogndal og Luster heiv seg rundt. På kort tid gjorde dei den store jobben som ei slik omlegging er for eit stort opplæringsssenter, og det har dei gjort på ein måte som har vekt nasjonal merksemd. For eit par veker sidan vart det nye læreverket NorskPluss B2 presentert nettopp i Sogndal. Det er eit læreverk i norsk for framandspråklege på det aller høgaste nivået som lenge har mangla på nynorsk. Norskopplæringstenesta vår har vore heilt sentral i utarbeidinga av verket.

Norskopplæringstenesta har òg stilt opp for å argumentera for at vaksne innvandrarakar i nynorskområdet bør få opplæring på

nynorsk – eit syn som faktisk er omstridd i ein del nynorskkommunar. – Dei flytter jo sikkert til ein bokmålsby i alle høve, seier somme. Det har ikkje vore utgangspunktet for norskopplæringstenesta vår. Dei som kjem hit, skal ynskjust velkomen og lærast opp i språket som dominerer her. Fyrst og fremst er det snakk om vanleg folkeskikk, men innvandringa er òg viktig for folketalsutviklinga i heile Distrikts-Noreg som me høyrer til. Nynorsk er skriftmålet som samsvarar med den dialekten dei høyrer dagleg, og ikkje minst: Det er språket borna deira lærer på skulen og gjer leksene sine på heime, og det er det språket alle meldingar frå skule, kommune og andre offentlege etatar er skrivne på.

Prisen er som før eit foto frå fjellheimen vår, teke av Frank Smedegård.

Til lukke med Målprisen 2016!

LUSTRAMARKNADEN 2016

Lustramarknaden, fullt i Gaupne frå tidleg morgon til langt på natt Nemnda som jobba med Lustramarknaden sette saman eit flott program for marknaden i år. Marknaden starta med Korpsstemne og Lustraløp fyrste

helga i juni, fine kulturarrangement og utstillingar heile veka, ein marknadslaurdag med stinn brakke i Gaupne, LustRabalder, allsang i Parken og fotballturnering siste søndagen.



Skjerdals var fyrst på scena i rådhusparken og publikum var klare når fyrste akkorden vart slegen. Dei hadde eit variert program og fortalde fint om oppveksten sin i Aurland. Tordis Skjerdal Rauboti var særst glad for at ho hadde fått brørne til Luster.



Henning Lad var den syngande programleiar. Han avsluttar no vidaregåande på musikklinja på Sandane. Henning leia fint og song so me fekk gåsehud!



Publikum sette stor pris på å høyre att dei gamle kjære songane.



Lustraløpet som Luster idrettslag arrangerer frå Nes til Luster hadde strålende ver, mykje folk og Rune Open sette løyperekord. Her startar dei aktive løparane på Nes. Rune Open i raudt med startnr. 167.



Sportsbui deler kvart år ut eit stipend på Lustramarknaden. Det var stor applaus då Knut Magne Bukve overrekte 5000 til Luster Røde Kors ved Ove Fortun.

LUSTRAMARKNADEN 2016



Løpet Molden opp er i år NM i motbakkelop. Det blir arrangert 18. juni, medan Lustranytt er i trykken. Dei hadde salsbod på Lustramarknaden og kunne melde at det allereie er 570 førehandspåmelde, mange fleire førehandspåmelde enn før. Me kryssar fingrane for ein flott dag og eit flott arrangement. Lykke til!



Siste marknadsdagen var det miniputtturnering og fullt med folk på Gaupne stadion. Dei er miniputtar men fulle av motivasjon og energi. Publikum viser og stor entusiasme og glede på sidelinja.



Luster kameraklubb hadde flott fotoutstilling på Pyramiden heile veka. Mykje folk var innom og jammen er det mange dyktige fotografar i kommunen vår. Her syner Halvard Johan Bolstad og Erling Kvalsøren fram ulike fotoapparat.



Hillestad Traktorservice er alltid å finne på Lustramarknaden.

LUSTRAMARKNADEN 2016



Tivoli er alltid populært!



Clearwaters avslutta programmet frå scena i rådhusparken. Dei hadde skikkeleg grepet på publikum som trakka takten og song med på gamle, gode Creedence låtar. Dette var musikk for både unge og gamle.

LustRabalder 2016

Same helga som Lustramarknaden arrangerte Parken A/L festivalen LustRabalder i Parken. Det var femte gongen festivalen vart arrangert. Dei hadde eit rikt og variert program: Eva & The Heartmaker, Morgan Sulele og Innertier, CirCuz, Lort, Sondre Justad og Staut.



Eva & The Heartmaker

Leiar i Parken, Geir Hauge fortel at dei er godt fornøgde med arrangementet. - Det var ca 900 som møtte på fredagen og vèl 1000 på laurdagen, folk i frå heile Sogn. Det er eit stort arrangement med over 70 dugnadsvakter kvar kveld, det set me enormt pris på. Artistane likte godt festivalen vår, og kommenterte særleg kor flott det er at 15 åringar får delta på denne festivalen. Mange festivalar har høgre aldersgrense. Det var mykje blide folk å sjå, då må me sei at det var vellukka.



Staut er på scena og det er fullt på golvet.



Morgan Sulele og Innertier



Heile gruppa i hagen i Universitetet Angelicum.

Barnehagane i Sogn tilbake til dei kulturelle røtene

9. -12. mars 2016 reiste 22 damer frå barnehagane i sognregionen til Roma på studietur.

System for styrka læring er kommunane i Sogn regionråd sitt program for barnehage- og skuleutvikling i perioden 2013-2021. For barnehagane sin del er dette organisert i 7 fagnettverk som tilsvarar dei 7 fagområda i rammeplanen for barnehagen. I tillegg er det eit styrarnettverk for leiarane i barnehagesektoren. Høgskulen i Sogn og Fjordane er ein viktig samarbeidspart for å sikre det faglege arbeidet. Kvar kommune i regionen har ansvar for drifta av eit nettverk. Luster kommune driv nettverket Religion, etikk og filosofi der Gunn Jorunn Hesjevoll, Liv Anny Bjørk Kjærvik og Randi Kvamme er nettverksansvarlege.

Dei fekk etter eit års planlegging og iherdig innsats, gjennomført sin studietur.

Den viktigaste studieturen

Paul Otto Brunstad, teolog og professor ved universitetet i Bergen vart spurt om han ville vere med som kjentmann i Roma. Brunstad er tilknytt universitetet for dei dominikanske munkane, der han har eit arbeidsrom i kjellaren. Han reiser difor minst eit par gonger i året til Roma for å skrive og arbeide, og er slik sett godt kjent i Roma. Det er fyrste gongen han har takka ja til eit oppdrag av denne karakter, men akkurat til denne turen gjorde han det, fordi han meiner at dette er den viktigaste studieturen som er gjort i frå Sogn si side. Kvifor kjem me tilbake til. Følgjet frå Sogn hadde og med seg forfattaren Bjørn Sortland frå Bømlo, no busett i Bergen.

Han er ein forfattar som har skrive svært mange bøker, men han er kanskje mest kjent for *Mysteriet i - ...bøkene*, ein spenningsserie for ungdom. Bjørn Sortland har budd i Roma og er godt kjend i byen.



Paul Otto fortel i Forum Romanum.

Karane hadde, i tett samarbeid med leiinga i nettverket, laga til eit opplegg for oss, med to dagar omvisning mellom anna i Forum Romanum, Colosseum, Universitetet Angelicum, og Livets vann (restaurant driven av nonner frå den tredje verda). Programmet var tettpakka av historie, filosofiske betraktningar, rørende historier og sterke inntrykk. Hovudbodskapen til Brunstad og Sortland er at kunnskap åleine kan vere farleg, og viser til fleire døme i historia for å understreke dette, m.a. Hitler som jakta etter verdsherredøme og utsletta 6 millionar jødar. I kontrast til dette er Mandela med sin fantastiske aura som jobba for likskap, respekt og fred heile livet. Begge desse personane var personar med kunnskap og evne til å få med store folkemassar. Men kunnskap og evna til å få med seg folkemassar åleine kan vere svært farleg. Dette ser me og konturane av i vår tid der terror og krig driv millionar på flukt over heile verda. Har me det så bra her oppe i nord at det ikkje vedkjem oss? Kva vil me gjere med dette? Vår kulturhistorie er tufta på



Nettverksgruppa i Luster: Liv Anny Kjærvik (t.v.), Randi Kvamme og Gunn Jorunn Hesjevoll.

prinsippa om likskap, demokrati, likeverd, inkludering og fellesskap. Desse prinsippa vart danna i Forum Romanum i fredstida 200 – 27 f.Kr. Nettopp difor vart denne turen ei reise tilbake til røtene våre, tilbake til der det heile starta for vår måte å byggje opp samfunnet på. Me må ta inn over oss viktigheita av å ta vare på kulturen og historia vår, nettopp med tanke på det som skjer i verda i dag!

For dei barnehagetilsette som har verdens viktigaste jobb, og er med på å oppdra framtidige generasjonar, er dette viktig lærdom å ta med seg. Me vil takke for ein fantastisk tur. Takk til Sogn Regionråd, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Paul Otto Brunstad, Bjørn Sortland og ikkje minst nettverksgruppa i Luster.



Forfatternen Bjørn Sortland.



Ei lydhøyr forsamling.

Magiske samlingstunder

70 barnehagetilsette frå Luster kommune møttest til kurs på Eikum hotell tysdag 24. mai med tema «Magiske samlingstunder». Kurshaldaren, Trude Anette Brendeland, er utdanna førskulelærer ved Høgskulen i Bergen med barnekultur og kulturformidling som fordjuping. Ho har jobba som pedagogisk leiar i fleire barnehagar, vore teaterskulelærer i Vestlandske Teatersenter, jobba som pedagogisk konsulent i Bergen kommune og vore prosjektansvarlig for språkstimulering av fleirspråklege barn. Ho har gitt ut boka «Mag-

iske samlingsstunder» i 2009, og har etter det hatt mange kurs og foredrag, skrive mange artiklar og nye bøker.

Trude Anette Brendeland er særleg oppteken av å løfte fram og ivareta livsglede, livsmot og energi der små og store menneske møttest. Ho likar å fortelje om huldre, tassar og troll, og eventyr og forteljingar frå heile verda. Ho er spesielt oppteken av å bruke estetiske fag - musikk, drama og kunst blant born.

På kurset fekk dei tilsette i barnehagane tips, idear og inspi-

rasjon til å skape magiske samlingsstunder med opplevingar som blir viktige for barn og vaksne. Korleis løfte samlingstunda i barnehagen frå eit rutineprega møte, til eit høgdepunkt med leik, humor, estetiske stemningar, inntrykk og uttrykk.

Kurset fall i smak hjå dei tilsette som fekk nye idear og praktiske tips til å lage magiske samlingstunder i barnehagen, der det «kitla i magen» av forventning og livsglede hjå små og store. Takk til Eikum hotell som tok godt i mot oss og ordna alt det praktiske på ein god måte!



*Kurshaldar
Trude Anette
Brendeland.*

*Eventyr-
koffertar.*



Kurs i song og musikk for barnehagetilsette

3. og 4. mars vart det arrangert kurs for barnehagetilsette. Kurset var eit samarbeid mellom Luster Folkeakademi og Luster kommune. Tema for kurset var Song og musikk for små barn, og 44 tilsette frå barnehagane deltok. Kursleiar var Bente Bogen frå Bogen musikksskule. Bente Bogen er utdanna musikkpedagog med musikk og små barn som spesialfelt. Kurset hennar i Gaupne var praktisk musikkarbeid. Ho formidla kunnskap om barn sin musikalske og sansemotoriske utvikling i nær samanheng med praktiske øvingar. Bente Bogen har sidan 2001 arbeidd med barn frå 3 månader - til 5 år i Bogen musikksskule på Ullern i Oslo. Ho har lærarutdanning med musikk frå Bergen lærarhøgskule, musikk mellomfag frå universitetet i Oslo samt vidareutdanning i musikkpedagogikk for små barn og pianometodikk frå Barratt Due musikkinstitut. Ho har arbeidd både i grunnskule, barnehage og med psykisk utviklingshemma barn i institusjon. For tida fylgjer ho eit deltidsstudium i rytmikk over eit år i Kungliga Musikhøgskolan i Stockholm. Kurset i Gaupne var eit praktisk kurs med vekt på rim, regler, songar og båsullar som eignar seg for denne aldersgruppa.

- Innføring i å leie musikkgrupper for barn og vaksne
- Musikkens betydning for barns utvikling
- Bruk av enkle instrument
- Korleis tilpasse musikkaktivitetane til ulike aldrar og samanhengar
- Praktiske råd og metodiske idear
- Korleis komme i gang

Det var gode tilbakemeldingar etter kurset. Dei barnehagetilsette tykkjer det var eit inspirerande kurs der dei har fått praktiske metodar, tips og inspirasjon for vidare arbeid med song og musikk i barnehagen. Takk til Luster Folkeakademi for godt samarbeid!



*God dag til alle god dag, god dag til alle god dag...
Her site Mari, her site Mari, no skal me syngje og klappe for deg.
Tralalalala, tralalalala, tralalalalalala lalalalala.*



*Når eg er lei av å ligge
set eg meg opp
Når eg er lei av å sitje
reiser eg meg opp
Når eg er lei av å stå
begynner eg å gå*

*Når eg er lei av å gå
så springe eg på tå
då går det fort, då går det fort
då går det veldig fort
då går det fort, då går det fort
fort fort fort fort.....*



*Kvile, kvile, kvile i vinden.
Vennleg og varm leiker vinden,
stryker så varleg om kinden.*

*Vennleg og varm leiker vinden,
stryker så varleg om kinden.*



Bestefedre lagar seljefløyte.



Sanseløype i skogen.

Besteforeldrebесøk i barnehagen

I vår har barnehagen på Indre Hafslo hatt besøk av besteforeldre. Det vart laga til ein aktivitetsdag der borna skulle vise fram korleis ein barnehagedag er. Besteforeldra fekk bake potekaker, leike i barnehagen og vere med på tur i skogen. Inne i barnehagen hadde me ein matstasjon der barna skulle lage bollar og potekaker med besteforeldra sine. Der fekk dei

kjevle, kna og steike. Besteforeldra var stolte og imponerte over kor flinke dei var til å vere med på å lage mat. I barnehagen fekk borna vist fram leikene, og besteforeldra var med å leike. I skogen fekk besteforeldra vere med på ei sanseløype der ein blant anna skulle balansere på eit tau mellom tre. Dei fekk sjå den fine plassen me har og dei

var med å utforska skogen. Dei fann egg i fuglekassane våre og besteforeldra fekk vise fram sine kunnskapar. Det vart nemleg tid til å spikke seljefløyte. Dette vart ein flott aktivitetsdag saman med besteforeldra. Til slutt samla alle seg til måltid som dei koste seg med i det flotte sommarveret.



Pust i bakken.



Matpause.

Bokprosjekt i Jostedal Barnehage:

«Den lille larven Aldrimett»

Alle skulane og barnehagane i Luster kommune har språkutvikling som satsingsområde. Metoden «dialogisk lesing» vert brukt i barnehagane for å få i gang språkleg refleksjon hos born og vaksne og som eit utgangspunkt for varierte prosjekt som kjem borti dei fleste av fagområda i Rammeplan for barnehagar.

Ei bok kan vere så mykje meir enn tekst og bilete. Born likar å høyre den same boka gong på gong, og tek ofte boka med under armen og spør: «Kan du lese den for meg?»

I to månader jobba me i Jostedal Barnehage med eit stort prosjekt der boka «Den lille larven Aldrimett» var utgangspunkt. Det heile starta i januar ved at me laga ei snø-larve av store snøballar. Larva måla me raud og grøn ved hjelp av fargar på ketchupflasker. Ein kjekk måte å måle i snøen på. Til fastelaven baka me bollar og forma dei som ei larve. Det smakte godt med krem og syltetøy inni. Ved hjelp av metoden dialogisk lesing, har me i lag med borna funne ut kva vanskelege ord i boka tyder (fokusord). På denne måten lærer borna å stoppe opp ved ord dei ikkje skjønar, og lærer både nye omgrep dei kan ta med seg vidare og at det er lurt å spørje om ord dei ikkje forstår. Sidan det å samarbeide fleire i lag var ein viktig del av prosjektet, laga me to store veggbilete. Ulike materialar frå loft og lager vart plukka fram, og kreativiteten var på topp både hjå borna og personalet. Gjenbruk har vore viktig når me laga dekorasjonane. På den

måten lærte borna òg noko om at ting og tang kan brukast opp att på nytt.

Den yngste gruppa brukte fingermåling og deretter limte dei materialar på larva slik dei sjølve hadde tenkt. Fargane raud og grøn har vore i fokus for dei yngste gjennom heile prosjektet. Ei flott larve laga av boksar pregar den eine veggen i barnehagen. Her kan ein opne loka og sjå inni «magen» til larva kva ho har ete. Treet som larva kravlar på, er laga av brukte teikneark og utklipp frå gamle vekeblad.

Me laga òg ei «sanselarve» av ulike materialar, der ein kan kjenne på overflatene. Både mjuke, ruglete, stikkande og glatte flater vart laga. Dette er ein populær vegg for dei aller yngste borna. Kroppen er laga av papptallerkenar, måla i fargane raud og grøn. Midt i tallerkenen er det klippa ut eit stort hol, der dei ulike materiala er limte på.

Dei eldste borna laga eit teater av boka, og hadde to framsyningar. Ei for heile Oppvekstsenteret og ei for foreldre og sysken. Alle borna hadde kvar sin rolle og kvar sin tekst å formidle. Teksten i boka har mykje gjentakning. Larva et og et til ho blir så mett at ho må legge seg i ei puppe. Til slutt blir ho til ein flott sommarfugl. Framsyningane vart avslutta med felle song om «Den lille larven Aldrimett».

Alle borna har laga sommarfuglar i ulike variantar som har pryda barnehagen, og no er me på leit etter sommarfuglane når me er ute på tur. Ei bok kan vere så mykje meir enn bokstavar og bilete!



Boksar på rad og rekkje er larva sin kropp. Her kan borna opne loka og sjå og telje kva larva har ete for å bli mett.



Sanselarva har ulike overflater der borna kan ta og kjenne på.



Den eldste gruppa hadde to framsyningar. Kulissar og effektar har dei laga sjølve.

Barnehagedagen som vart til ei veke

Barnehagen er ei årleg landsomfattande markering, alltid i mars, og med ulike tema kvart år. Barnehagedagen skal bidra til å auka forståing for innhaldet i barnehagen, alt som skjer der, samt at lek = læring, danning og omsorg er grunnleggjande.

Utdanningsforbundet, Fagforbundet og FUB står bak Barnehagedagen. Dette året var tema LES HØGT FOR OSS.

Barnehagedagen skulle vera 1. mars. Me spurde oss: «Les me ikkje allereie mykje for dei små menneska våre?» Me har minibibliotek, me jobbar med dialogisk lesing, me har bøker, bokstavar, namn på både born og ting godt synleg. Me gjer mykje allereie, så korleis vil me markera barnehagedagen då? Me stilte oss fleire spørsmål: Kan me lesa andre plassar ein dei me vanlegvis les på? Kan andre enn personale lesa for borna? Kan me lesa for andre saman med våre born ?

Ideane var mange, og me såg fort at ein dag var for lite, så me



Biblioteksjef Ellen Borch Veum les for borna.

utvida barnehagedagen til ei heil veke. Sjølv om det var vinter, laga me lesestasjonar ute. Benker med gode, varme reinsdyrskinn på, og ein kasse med bøker. Det kan vera godt med ein pause med ei bok i ein aktiv uteleik.

Me tok kontakt med skulen om elevar derifrå ville koma og lesa til borna våre. Me møtte stor velvilje, både for å koma i «barnehageveka» og veka etter. Barnehageborna vart delte i små grupper med ein elev som las i kvar gruppe. Då vart det lese «overalt» i barnehagen, i garderoben, på kjøken, ja, overalt sat det små grupper fordjupa over ei bok. Me observerte mange fine situasjonar desse dagane, og meiner at både skuleelevane og barnehageborna hadde stort utbytte av samarbeidet. Me har evaluert det etterpå, og me vil halda fram samarbeidet.

Stjerneborna våre gjorde avtale med Hafslø omsorgssenter om å koma der og lesa for bebuarar og born i lag. Dei hadde jobba med boka Geitekillingen som

Det er stor stas at Sogn Avis vil lage reportasje frå barnehagen. F.v. Pedagogisk konsulent Oddbjørg Ese, Terje Eggum Sogn Avis, og Biblioteksjef Ellen Borch Veum.





Gutegjengen har eiga lesestund i garderoben.

kunne telja til ti og hadde brukt songar som passa til boka. Det var godt fram møte i stova på omsorgssenteret, og ei god felles oppleving både for våre born og for dei som hørde og såg på oss.

Å ha so sterkt fokus på bøker og lesing fører til endring. Om me har hatt bra utlån frå minibiblioteket før, auka det etter denne veka. Når me har lånt bøker på biblioteket på skulen, presenterer me bøkene me har lånt i samling, for å vekke nysgjerrigheita og for å få borna til å få lyst til å høyra akkurat denne boka.

Biblioteksjef Ellen Borch Veum var med oss ein heil dag og las for born i små grupper. Me hadde også besøk av Oddbjørg frå kommunen ein dag. Ho hadde med ei gåve. Gjett kva?: BØKER!!!, og ein journalist frå Sogn Avis som laga reportasje. Me har vel av og til følt at barnehagedagen har vore «ein happening» som me kanskje ikkje har hatt det heilt store eigarforholdet til. Dette er ikkje kjensla vår i år, dette var midt i vårt satsingsområde og kjekt å gjera meir ut av.



Småbarnsavdelinga i Gamlestova barnehage Vetlestova på tur

I april og mai var me på mange turar i smågrupper for å bli kjent i nærmiljøet vårt. I rammeplan står det «Barnehagen skal leggje vekt på å styrke kunnskapen om og tilknytning til lokalsamfunnet og naturen. Barnehagen skal bruke ressursane i nærmiljøet til gode opplevingar og læring som er tilpassa føresetnadane og interesser til barn, og sørgje for at barnehagen bidreg aktivt i nærmiljøet». På desse turane får me god grovmotorisk stimulering, språkstimulering, trening i sosial kompetanse og gode opplevingar i ei lita gruppe.





Friluftsliv i Gaupne barnehage

Som ei forlenging av fjoråret som var friluftslivets år, har Gaupne barnehage hatt prosjekt «Friluftsliv» på alle avdelingar i april.

I mai stod det «Turglede» i år-splanen, så borna har vore med å oppleve turglede og bidrege til turglede i denne flotte årstida. Avdelingane har tilpassa prosjekta til borna sine, sine interesser og sine idear. Slik har me sikra at både born og vaksne har opplevd turglede gjennom friluftslivsaktivitetar, på ulike turar og ulikt vis.

Me har lært av kvarandre, inspirert kvarandre og borna har opplevd mykje både i førebuingssfasen til tur, på sjølve turen, og i etterkant.

I Rammeplanen står det at naturen gjev rom for eit mangfald av opplevingar til alle årstider og i all slags vèr, og at det er personalet sitt ansvar å ivareta dette mangfaldet av opplevingar i barnehagekvardagen.

Mange av aktivitetane me driv med i barnehagen kan like godt

gjerast ute som inne. Kvar dag får alle born til dømes omsorg gjennom å sitje på fanget, bli snakka med, blir fortalt kva dei er gode til, lest for, blir støtta i påkledning til å klare sjølv og dei får gode matopplevingar. Alt dette saman med gode, trygge vaksne. Dette er fokuset til dei tilsette; anten me er ute på tur, eller inne på avdeling. Dei dagane me er på tur er borna med å smørje nista si; dei får velje kva dei vil ha med seg. Borna leikar og utfaldar seg i barnehagen på starten av dagen, før me gjer oss klare til å gå på tur. Dersom det er noko spesielt me skal sjå etter på tur, så har me kanskje ei lita samling fyrst der me kan snakke om turen.

Borna får òg lære seg å pakke sekken sin. Me var så heldige at me fekk 30 sekkar i barnehagestorleik frå Luster Sparebank. Det er me svært takksame for.

Av og til er turmålet sjølve målet for dagen. Då kan det vera at

me trillar vogn (1-2-åringar) til destinasjonen, og får vera mest mogeleg der for å utforske, leike, bruke kroppen, leite etter steinar, ete og sove. Alt dette saman med aktive vaksne.

Andre gonger er det turen som er målet. Då undrar born og vaksne seg saman over ting me møter på vegen. Dette er gode samtalar og særst positivt i forhold til eitt av to satsingsområde i år; språkutvikling. I desse samtalanane er både born og vaksne aktive og får konkretar å knyte språket til.

Fysisk aktivitet

Det andre satsingsområdet me har i Gaupne barnehage, slik som alle dei andre kommunale barnehagane i Luster kommune er «fysisk aktivitet». Gjennom å ha fokus på turglede og friluftsliv føler me at me jobbar med satsingsområda «av seg sjølv». I dagens samfunn ser ein at borna er for lite aktive samanlikna med for nokre år tilbake. Dette er ein negativ trend som barnehagen må vera med på å snu. I boka



«Måltid og fysisk aktivitet i barnehagen» blir det hevda at den enklaste måten å halde born i fysisk aktivitet er gjennom å vera på tur.

Turglede gjev inspirasjon og motivasjon til nye turar. Turglede gjer at borna tek kontakt med andre born enn dei dei vanlegvis leikar med i barnehagen. Turglede gjer at borna opplever meistring på ein anna måte enn på kjente og kjære område. Turglede gjer at me set endå meir pris på den trygge, gode barnehagen som ventar på oss med alle leiker og aktivitetar som er der når me kjem att. Då har me det fint på tur og me har det kjempefint i barnehagen.

Me går på tur i små grupper, og i større grupper. Me går på tur rett rundt svingen, me går på tur i oppoverbakke, me går på tur i nedoverbakke. Me går til leikeplassar. Me går til hytta vår og me går på tur til nye stader.

På vestane våre står det: «Me vil. Me kan.» Det symboliserer at me vil noko, og me kan noko. Dersom me vil noko nok, så får me det til. Og; me kan dersom me vil.

Våren blir snart til sommar, og me skal snart fram og sjå korleis



trea våre har forandra seg frå vår til sommar-drakt. Dei minste borna i barnehagen har måla fuglekassar og hengt opp ved hytta vår. Me skal sjå om det er nokon som har flytta inn i dei. Dei eldste i barnehagen skal sjå

korleis Jostedalselva er større no enn i vinter. Me har mykje me kan sjå og oppdage på tur. Berre me hugsar å sjå oss rundt, og snakka om det når me kjem attende.

Olweus-programmet mot mobbing

I meir enn ti år har skulane i Luster gjennomført Olweus-programmet mot mobbing og antisosial åtferd. Dette er eit tiltaksprogram mot mobbing med vitenskapleg dokumentert effekt. Programmet har eit eige årshjul med faste aktivitetar og spørjeundersøkingar.

Olweus-programmet vart i si tid grunnlagt av den svenske psykologen Dan Åke Olweus og vert i dag drive av RKBU Vest – Regionalt kunnskapssenter for barn og unge som har Universitetet i Bergen som hovudeigar. Programmet vert brukt på mange skular rundt omkring i landet og er eitt av dei mest nytta verktyøya mot mobbing i skulen.

Alle lustraskulane bortsett frå Veitastrand skule og Hafslø barne- og ungdomsskule gjennomfører Olweus-programmet. Hafslø barne- og ungdomsskule har i fleire år vore ein såkalla PALS-skule. PALS er ein innsatsmodell for å skapa positiv atferd, støttande læringsmiljø og samhandling i skulen drive av Atferdssenteret i Oslo. Dette er ein annan type modell enn Olweus-programmet som også er mykje brukt rundt omkring i skule-Noreg.

Ros til Luster og Ragnhild Sviggum

Heilt sidan oppstarten i 2003 med Olweus-programmet i Luster har Ragnhild Sviggum, lærar ved Gaupne skule, hatt funksjonen som såkalla Olweus-instruktør med ansvar for å følgja opp skulane som deltek i antimobbeprogrammet. Sviggum går av med pensjon til sommaren. 11. mai var det fagsamling i

Bergen for Olweus-skular og kommunar, og der fekk Sviggum og Luster ros av rådgjevar André Baraldsnes ved Regionalt kunnskapssenter for barn og unge:

Ragnhild Sviggum frå Luster har gjennom utdanninga si som Olweus-instruktør, deltaking på nettverk og fagdagar for instruktørar samt 13 år med erfaring som instruktør for sju skular i Luster, opparbeidd seg ein unik kompetanse innan antimobbearbeid i skulen. Ragnhild har i dette arbeidet vist ei ukuelig vilje til å stå på for at ungane i Luster kommune skulle ha ein så trygg og god skulekvardag som mogeleg.

Arbeidet hennar har vore omfattande med ulike opplæringsstiltak, rettleiing og revisjon av materiellet. Ho har ei stor ære for at Luster kommune i nasjonal samanheng har opparbeidd seg ein kompetanse på systematisk og langsiktig tenking rundt mobbearbeidet som ein skal sjå langt etter. Ragnhild har brent for arbeidet og barns tryggleik og vore ein «stayer». Innsatsen hennar saman med det flotte Olweusarbeidet i dei andre skulane i Luster, er eit føredøme for andre norske skular på eit solid arbeid mot mobbing og andre krenkingar. Takk for innsatsen, Ragnhild, og lukke til vidare, Luster!

Trude Sønnesyn ny Olweus-instruktør 2 og mentoransvarleg
Etterfølgjaren til Sviggum som Olweus-instruktør i Luster vert Trude Sønnesyn, lærar ved Indre Hafslø oppvekstsenter. Sønnesyn har vore ressurs- og kontaktperson for Olweus-programmet ved Indre Hafslø i ei årrekke og kjenner antimob-

beprogrammet særst godt. Ho overtek også funksjonen som mentoransvarleg for nyutdanna lærarar i Luster, også ein funksjon Sviggum har hatt dei seinare åra. Hovudoppgåva for mentoransvarleg er å planleggja og gjennomføra fagsamlingar for nyutdanna lærarar i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane.



Ragnhild Sviggum (t.h.) vert takka av rådgjevar André Baraldsnes ved Regionalt kunnskapssenter for barn og unge.



Trude Sønnesyn vert ny Olweusinstruktør 2.

Satsing på IKT i ungdomsskulane våre

Komande skuleår vert koding valfag ved ungdomsskulane i Luster. Dette er eit treårig nasjonalt forsøksprosjekt, og dei to ungdomsskulane i kommunen får 100 000 kroner til satsinga kvart år.

I det nye valfaget skal elevane mellom anna læra korleis datamaskinar og ulike dataprogram fungerer. Dei skal også få opplæring i programmeringsspråk og kva desse kan brukast til. Døme på oppgåver elevane kan få er å programmere eigenutvikla robotar, og å laga enkle dataprogram eller animasjonar.

Forutan dei to ungdomsskulane i Luster er også ungdomsskulane i Høyanger og Sogndal komne med i forsøksordninga, men berre Luster og Høyanger får økonomisk støtte. I samband med offentleggjeringa av kva skular og kommunar som får vera med på satsinga, uttala kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen:

– Å lære å kode gir elevene nye metoder for problemløsning, og muligheter til å jobbe kreativt. Å ta koding, spillprogrammering og 3D-design inn i skolen kan gjøre fagene mer relevante og motiverende.



Eva Bratvold.


Koding som valfag vert ei spennande nyvinning når det gjeld bruk av IKT i skulen både i Luster og nasjonalt. I og med at både ungdomsskulane i kommunen skal delta, er dette eit ypparleg høve til tettare samarbeid mellom lærarar og elevar på ungdomsskulen på Hafslo og i Gaupne.

Ei anna IKT-satsing det komande skuleåret er innføringa av verktøypakka Office 365 for alle elevar og lærarar i grunnskulane i Luster. Microsoft Office 365 er

ei samling av tenester og dataprogram som lettare let elevar og lærarar samarbeida og dela skulearbeidet med kvarandre. Tenesta er basert på skylagring og inneheld forutan velkjende program som Word, Excel og PowerPoint program for notatskriving, samskriving, deling og videokommunikasjon. Eit hovudverktøy for notatskriving og lagring av dokument vert OneNote. Vona er at denne verktøypakka kan gjera IKT-bruken i skulen enklare å bruka, meir fleksibel og lettare tilgjengeleg.

Ny IKT-rettleiar

Luster kommune har engasjert Eva Bratvold frå Kaupanger til å vera rettleiar i innføringsfasen av Office 365. Bratvold er ein av dei mest røynde IKT-pedagogane i landet og har gjennom fleire år samarbeidd med verksemdar som Microsoft Norge og TV2 Skole. Senter for IKT i utdanningen har engasjert Bratvold til å laga læringsressursar til det nye valfaget om koding.



Ungdomsstegsatsinga 2016 – 17

Frå hausten skal ungdomsskulane i Luster delta i den nasjonale satsinga *Ungdomssteg i utvikling*. Hovudmålet med satsinga er at elevane skal få auka motivasjon og læringsutbytte gjennom ei meir praktisk, variert og relevant undervisning.

Fleire undersøkingar har vist at motivasjonen for skularbeid er fallande med alderen og lågast på 10. trinn. Manglande motivasjon, mindre læringsutbytte og det at elevar ikkje får nytta og utvikla evnene og talenta sine godt nok, er sentrale utfordringar for ungdomssteg nasjonalt sett. Storsatsinga Ungdomssteg i utvikling er eitt av fleire tiltak frå styresmaktene for å fornya ungdomssteg og gjera tida på 8. – 10. trinn meir gjevande og lærerik.

Ungdomsskulane i Luster er med i fjerde og siste pulje saman med brorparten av dei andre ungdomsskulane i Sogn. Satsinga varar i tre semester – haust 2016 til og med haust 2017 – og inneber at skulane må gjera eit lokalt utviklingsarbeid innan eitt eller to av områda klasseleiing, rekning, lesing eller skriving. Både Hafslo barne- og ungdomsskule og Luster ungdomsskule har gjennomført ståstadanalysar og valt skriving som sitt faglege satsingsområde. Skriving er i denne samanhengen meint som skriving som grunnleggjande ferdigheit, dvs. skriving som verktoy for læring i alle fag. Det er ei stor føremon at bae ungdomsskulane i kommunen har valt eitt og same satsingsområde. Dei to lærarkollegia kan samarbeida om satsinga og alle ungdomsskuleelevane i kommunen får ta del i same satsinga.



Illustrasjonsfoto.

Utviklingsrettleiar, ressurslærer og HiSF

Ungdomssteg i utvikling er tufta på såkalla skulebasert kompetanseutvikling. Det vil seia at skulen, med leiing og alle tilsette, deltek i ein utviklingsprosess på eigen arbeidsplass der målet er å utvikla den samla kunnskapen, haldningane og ferdigheitene på skulen når det gjeld læring, undervisning og samarbeid. Til hjelp i utviklingsprosessen har skulane fleire støttespelarar.

I kvart fylke er det tilsett eigne utviklingsrettleiarar som skal koordinera og støtta opp under ungdomsstegsatsinga. Utviklingsrettleiar for region Sogn er Inger Marie Evjestad. Kommunane som deltek i satsinga får også midlar til å oppretta ei mindre prosjektstilling som ressurslærer ved skulane. Ressurslærer skal støtta og rettleia kollegaene undervegs i satsinga. Hilde Holte Selland er tilsett som felles ressurslærer for dei

to ungdomsskulane i Luster. Ved kvar ungdomsskule vil det i tillegg verta oppretta eigne arbeidsgrupper for satsinga.

Den tredje støttespelaren i satsinga vil vera Høgskulen i Sogn og Fjordane. Høgskulen vil tilby fagleg rettleiing innafor det valte satsingsområdet og vil delta på fagsamlingar på ungdomsskulane med jamne mellomrom.

Dette er den største satsinga på ungdomsskulen på mange år. Stikkorda er meir variasjon, meir praktisk undervisning, vurdering for læring. Det vert tre spennande semester som vonleg gjev varige resultat med auka motivasjon og lærelyst.

Uteskule på Hafslo

Uteskule er ei undervisningsform som skal aktivisere heile mennesket. Elevane skal lære gjennom syn, høyrsel og berøring.

Kvar onsdag tek 1. klasse på Hafslo barne- og ungdomsskule med seg klasserommet ut på tur. På den måten får elevane gjere sine egne konkrete erfaringar frå verkelegheita. Noko som me igjen tek med oss inn i klasserommet til refleksjon og bearbeiding i form av skrive- og teikneoppgåver.

Klasserommet desse dagane er i nærleiken av skulen, både "trollslogen", "kråkeslogen" og nærområdet blir brukt.

I haust erfarte elevane korleis blada visna og fall ned på bakken. At gras og blommar sakte men sikkert visna og at det måtte meir og meir kle på for å halde varmen.

I vinter erfarte dei kva som skulle til for å gjere vatn om til is, nemleg kulde. Leiken forandra seg og ingen hadde på førehand trudd at ein bakke med is kunne aktivisere 23 barn i timesvis.

I vår har me sett etter vårteikn, gåsungar og fuglesong var noko av det første me oppdaga. Og plutselig forsvann isen og me kunne leike hang-man i strandkanten. Me har erfart at om me plukkar opp boss så blir det ryddigare for alle rundt oss. Leiken handlar ikkje lengre om kven som skliar fortast eller bygger den høgaste snø-borga, men korleis ein kan bruke tre som ligg på bakken til å skape nye leiker.





Framme frå venstre: Julie Nybø, Hege Lomheim, Solve Ø. Skjerven, Hallgeir Hillestad, Anna Maria Bremer, Nikolai Midtbø, Jonas F. Aardal, Ingrid Elisabeth T. Ølnes, Eline Johannessen, Mathea Fossheim, Iselin L. Brusegard, Ingrid Johanne Kvalen, Ingeborg Sekse, Nikolai Solheim, Joakim T. Ølnes, John - Arve Karlsen, Peder Olai Hillestad, Thor Willhelm W. Fredheim, Linus Heggstad, Nicolai Bø Gassert, Frode S. Kvam.

Skilpadda mi

Eit samarbeidsprosjekt i norsk, kunst og handverk og IKT

3. klasse på Hafslo barne – og ungdomsskule har i vår jobba med eit tverrfagleg prosjekt i faga norsk, kunst og handverk og IKT når dei har hatt stasjonsarbeid. Dei har då hatt hovudfokus på: Å skriva forteljing, lage tekst til bilete, å skapa gjennom formingsaktivitetar, å skriva tekstdokument på data, ta bilete og lima bilete inn i tekstdokument.

Elevane har laga kvar si skilpadda i kunst og handverk, då har dei m.a. vevd på rundvev og sydd. I norsken har dei skriva kvar si forteljing om skilpadda si, dei har teke bilete av den og limt det inn i tekstdokumentet sitt. Alle forteljingane vart sett saman til ei felles bok etterpå.

Her vart det mange flotte sider! Kjekt og lærerikt for elevane å jobbe saman med eit felles prosjekt.



Draumestipe



Sindre Steig med diplom og sjekk.
Begge foto: Else Steig.

Villustre – ny Dans Utan G

Frå og med hausten 2016 er det ein ny instruktørgruppe som overtek alle elevtreningane for Dans Utan Grenser- danseverkstaden i Luster. Den nye instruktørgruppa heiter Villustre og består av 9 instruktørar, sju jenter og to gutar. Gruppa har gjennom heile året jobba fram mot å bli kvalifisert som danseinstruktør for Dans Utan Grenser. Sjølvutdanninga går over 10 helgar fordelt over 9 månader, der dei avsluttar med skriftleg eksamen, solodans og gruppedans. Dei ser fram til å ta i mot nye og gamle elevar til hausten. Dei ynskjer og å reise rundt på ein skuleturne når skulen startar opp att.

nd til Sindre Steig

Under konserten i Fortun kyrkje laurdag 28. mai vart Sindre Steig tildelt Draumestipendet på 10.000 kroner frå Norsk Kulturskuleråd og Norsk Tipping. Med denne stipendordninga ønskjer dei å synleggjere kommunen sitt arbeid for barn og unge. Draumestipendet skal vere til inspirasjon og vere eit viktig bidrag til å oppfylle mange unge sine kulturelle draumar. Det var ordførar Ivar Kvalen og Leif Aslaksrud frå Sogn kulturskule som stod for overrekkinga. Heilt sidan Sindre Steig var liten har han vore interessert i musikk. Han byrja med sang i barnekor og på skulen, før han fekk sin første gitar som ti-åring, fortel han på nettsidene til draumestipendet. – I tillegg til at eg syng og spelar både klassisk, akustisk og elektrisk gitar, spelar eg òg bass, piano, munnspelel og har spelt i korps sidan 5. klasse på barneskulen

med bariton og euphonium som instrument.

Musikklinja

Steig har snart gått tre år på musikklinja ved Firda vidaregåande skule.

– Gjennom desse tre åra på Firda har eg fått eit nytt syn på musikken, eg har lært mykje og oppnådd mykje. Ikkje berre har eg blitt meir vand med å stå på scena, eg har også fått interesse for å skapa lydbilete som blir framført på scena.

Frå og med ungdomsskulen har han visst at musikk var det han skulle gå for.

– Eg har funne at draumen er å ta med alt eg har vore med på desse åra og berre fortsetja dette livet ut,



Sindre Steig fekk overrekt Draumestipendet i Fortun kyrkje av ordførar Ivar Kvalen (t.v.) og Leif Aslaksrud frå Sogn kulturskule.

og berre leva av musikken sidan det er og har vore ein så stor og viktig del av livet mitt.

y instruktørgruppe i Grenser-danseverkstaden

Danseverkstadane i Sogn og Fjordane 10 år

Dans Utan Grenser (DUG) etablerte danseverkstadane i Sogn og Fjordane i 2006 i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune som del av folkehelsearbeidet. Danseverkstadane fyller såleis 10 år i 2016. Dette ynskjer vi å feire med ei stor jubileumsforestilling som alle danseverkstadane samarbeider om. Ei jubileumsforestilling blir på mange måtar ein viktig drivar for dei lokale danseverkstadane. For å halde

kontinuitet lokalt trengs det dyktige instruktørar som inspirerer og skapar danseglede. Jubileumsforestillinga gjev instruktørane påfyll både med dansekunnskap og motivasjon for den viktige jobben dei gjer. Dette er med å halde liv i danseverkstadane, og på denne måten bidreg ungdomane med eit svært viktig fritidstilbod i lokalsamfunnet. Jubileumsforestillinga vil bli vist i heile Sogn og Fjordane. Vi håpar de vil vere med å feira saman med oss.



Frå venstre bak: Julie Fredheim, Eiril Ugulen, Oda Ugulen. Frå høgre framme: Line-Kristine Karlsen Holene, Marte Fardal Svangstu, Julie Leirdal Skjerven, Fredrik Leirdal Henden, Jakob Sandvik.

Nytt frå legekantoret

Ny fastlege i Luster

Bård Flattun Lilleeng (42) er tilsett som ny fastlege frå 11/7-16. Han har arbeid som legevikar på legekantoret frå 6/7-15. Han startar med tom liste med listetak på 500. Bård er utdanna ved universitetet i Bergen, har spesialitet i nevrokirurgi og tok doktorgrad (PhD) i vinter. Er i gang med spesialisering i allmennmedisin, blir ferdig med spesialitet i samfunnsmedisin i løpet av året. Han har brei administrativ erfaring. Bård har arva slektsgarden i Gaupne og bur der med sambuar.



Bård Flattun Lilleeng.

*

Ny fysioterapeut i Luster

Jori Solstad Skorve har frå 01.06.2016 fått ein 50% avtaleheimel for fysioterapi frå Luster kommune.

Jori er frå Sogndal, og har vore tilsett som dagleg leiar og fysioterapeut ved Luster treningssenter sidan 2014. Ho vil framleis vera på

treningssenteret.

Ho har sidan 2004 først og fremst praktisert i privat praksis med avtaleheimel frå kommune, men har også erfaring frå kommunefysioterapi, rehabiliteringssjukehus og bedriftshelsetenesta.

Ho brenn for fysisk aktivitet og helse, og stortrivst med Luster kommune og Luster treningssenter som arbeidsplass!

hudforandringar utan at pasienten treng å reise lengre enn til legekantoret.

Videokonferanseutstyr vil spare legane for mykje unødvendig reise til møte. Vi kan t.d. delta i kurs og konferansar frå Helsesenteret.

*

Ny nasjonal IKT-løysing for fastlegeordninga

Måndag 6. juni kom det ei ny nasjonal IKT-løysing for fastlegeordninga. På «Min helse» på www.helsenoreg.no no kan innbyggjarane finne oversikt over alle fastlegane i landet, samt bytte fastlege om dei ynskjer det. Den viktigaste endringa no er at løysinga vert ny, og vil innehalde betre informasjon om fastlegen og fastlegekantoret.

Det er planlagt fleire forbetringar hausten 2016. Mellom anna tek ein sikte på at bytte av fastlege skal tre i kraft etterfylgjande verkedag, i staden for den 1. i neste månad, som i dag.



*

Telemedisin

Legekantoret har no fått installert videoutstyr. Det gjer at vi kan kommunisere direkte med spesialist saman med pasient og dermed anten spare ein tur til spesialist eller at legen får råd om kva sjukehus som skal ta pasienten. Kvant legekantor har fått slikt utstyr.

For eksempel kan ein handskade vere såpass krevjande at den blir styrt til Haukeland. Vaktlegen i Førde kan gje direkte råd etter å ha sett skaden. Den største nytten vil vere i bruk ved hudsjukdommar. Hudlege kan vurdere utslett og andre

Ynskjer du å gjera endringar med livsstilen din som kan gi deg ei betre helse?

Frisklivssentralen Sogn er ei interkommunal helsefremjande og førebyggjande helseteneste. Kommunane som inngår i denne interkommunale helsetenesta er Leikanger, Luster og Sogndal.

Kven kan delta på Frisklivssentralen?

Ein treng ikkje å ha ein diagnose eller vere sjuk for å delta på Frisklivssentralen.

Personar i alle aldrar som ynskjer livsstilsendring, har auka risiko for, eller som har utvikla sjukdom og treng oppfølging til å endra levevanar og meistra sjukdom kan delta på Frisklivssentralen.

Kven kan henvisa til Frisklivssentralen?

Lege, helsepersonell, NAV og fleire kan anbefala og henvisa deg til Frisklivssentralen. Tenkjer du at Frisklivssentralen kan vera nyttig for deg, kan du også ta kontakt på eige initiativ.

Kva skjer ved deltaking på Frisklivssentralen?

Å endra levevanar og meistra livet med helseutfordringar kan vera krevjande. Me på Frisklivssentralen Sogn ønskjer å gi deg eit vennleg dytt på



Synne Liljedahl frå Frisklivssentralen Sogn på Lustramarknaden. Her illustrerer ho skilnad på kaloriinnhald i frukt/grønt i høve til peanøtter og sjokolade o.l.

vegen for å få ei betre helse. Frisklivssentralen har egne tilbod, i tillegg til å samarbeida med andre lokale aktørar som driv tilbod innan fysisk aktivitet, kosthald og røykjeslutt.

Frisklivssentralen Sogn tilbyr:

- Individuell rettleiing
- Motivasjonssamtale
- Temaføredrag
- Gruppetilbod for fysisk aktivitet, kosthald og røykjeslutt
- Kurs i depresjonsmeistring (KiD-kurs)

- Andre meistringskurs
- Oppfølginga hjå oss varar i 6 månadar.

Ynskjer du meir informasjon eller har du spørsmål? Då er du velkommen til å ta kontakt med oss!

E-post: frisklivssentralen@sogndal.kommune.no

Telefon:
958 93 641 (Luster og Sogndal)
992 86 128 (Sogndal)
953 03 897 (Leikanger og Sogndal)





Plager i hofte og kne?

Mange slit med smerte i hofte eller kne, som er plagsamt og hindrar ein i å vera så aktiv som ein ynskjer. Ofte skuldast desse plagene artrose/slitasje i ledda. Og tenkjer du at du må spare ledda og ikkje bruke dei så mykje, så er det ikkje slik – heller tvert i mot! Effekten av trening på desse plagene er så godt dokumentert, at trening bør prøvast før operasjon blir vurdert. Slitasjen kan ikkje forsvinne, men fysisk aktivitet og tilrettelagt trening kan redusere smerter, gi betre funksjon og avgrense vidare utvikling. Trening styrkar muskulaturen rundt ledda, held ved like rørsleutslaga, og studiar viser at trening kan betre kvaliteten på leddbrusken (som er der skaden/



slitasjen skjer). Generelt vil trening betre helsa og førebyggje overvekt, som er ein risikofaktor for artrose. Det er vist at systematisk trening i 6-8 veker kan gje reduserte smerter i 12-18 månader i etterkant (NHI).

Bli med på Hofte og Kne- gruppa på Luster Treningssenter!

På Luster Treningssenter har me måndag og torsdag morgon tilpassa hofte- og knetreningssgruppe, leia av fysioterapeut. Gruppetreninga er organisert som sirkeltrening og har fokus på styrke og beveglegheit, og er tilpassa den einskilde sine plager og nivå. Dei som deltek har gjerne med seg tilvising frå lege, men dette er ikkje eit krav. Gruppa er eigna for personar med plager frå hofte eller kne i form av artrose/slitasje, eller som eit ledd i opptrening før eller etter ortopedisk operasjon. Hausten 2016 vil me også starte Artroseskule for deg med påvist slitasje. Dette er bolkar på 6 veker med gruppebasert pasientundervisning, fysioterapi og tilpassa trening individuelt og i gruppe. I denne gruppa blir det eit krav om tilvising frå lege. Ta kontakt med Luster Treningssenter om du er interessert, eller ynskjer meir informasjon!

Balansegruppene:

Fallførebygging

Fysioterapeutane i Luster kommune har fallførebyggande balansegrupper for vaksne og eldre som er busette i kommunen. Dette er eit tilbod for heimebuande som opplever at dei har dårleg balanse, eller har opplevd fall, og som ønskjer å trene seg opp igjen, vedlikehalde eller forbetre funksjonsevna. Målet er å bli trygg på eigne bein. Vi har grupper på Hafslø, i Gaupne og i Luster. Tilbodet vert arrangert to periodar i året, vår og haust. Fall førekjem ofte hos eldre og aukar sterkt med alderen. Ein av tre over 65 fell minst ein gong i året, og frå 80 år vil ein av to falle. Vi ønskjer med balansegruppene å syne blant anna risikofaktorar for fall, og gje nokre praktiske tips. Å førebygge fall kan gjerast på ulike måtar avhengig av alder og funksjonsnivå. For at treninga skal ha effekt, prøver vi aktivitetar med progresjon når det gjeld vanskeleggrad og belastning. Ved balansetrening er det viktig at balansen vert utfordra når du står, når du går, og ved forflytting. Styretreninga vi har inneheld øvingar for heile kroppen, men med mest fokus på beina. Intensiteten tilpassar du sjølv alt etter kor mykje du orkar eller korleis dagsforma di er akkurat i dag.



Balansetrening på Hafslø.

g med latter og aktivitet

Generelt om eldre og trening

Eldre over 65 år bør følge dei nasjonale råda for fysisk aktivitet som gjeld for vaksne generelt. Fysisk aktivitet vil blant anna føre til ein redusert risiko for utvikling av diabetes type 2, beinskjørheit, redusert tal fall og brot, betring av ei rekke kognitive funksjonar og reduksjon av depressive symptom. Når det gjeld styrkeøvingar, er det viktig at dei styrker dei store muskelgruppene i bein, hofte, mage, rygg, bryst, skulder og armar. Eldre bør vere spesielt merksame på å trene muskulaturen i bein og hofter.

Å førebygge fall er spesielt viktig dersom du ikkje klarer råda om minst 150 minutt moderat fysisk aktivitet i veka.

Eldre som ikkje kan følgje råda ovanfor på grunn av nedsett funksjonsnivå eller ei sviktande helse, vert råda til å vere så aktive som evne og helsetilstand tillet.

Hafslogruppa

Vi har drive med trening i ca. 12 år. Kvar onsdag frå 1. oktober til 1. mai møtest vi kl 10.30 for aktivitet, og masse moro og latter. Etter trimmen dekker vi bordet med kaffi og rundtykke levert frå Lustraporten. Trur vi alle er einige



Trimmen på Hafslo held fram også utover sommaren. Då samlast dei som ønskjer å gå på tur. Oppmøte onsdagar kl 10.30 ved klubbhuset på Moane. Leif Kvam held då i dirigentpinnen. Her er det ulike turar alt etter kven som møter opp.

om at den viktigaste biten med treninga er det sosiale, få slå av ein prat og strekke på smilebanda. Vi får kvar gong god hjelp frå Luster besøksteneste som ordnar med bord og stolar slik at vi alle får plass. I sesongen 2015/2016 har vi hatt ei veldig stabil gruppe med 25-30 personar.

Kontakt

Det er og mogleg å ta direkte kontakt med fysioterapeutane i



Hafslo fysioterapi vert drive av Erik Sannebro. Han har jobba her i 21 år, både med privat praksis, og med kommunale oppgåver. Slyngetrening bruker han ofte til styrke- og stabilitetstrening.

kommunen for individuell undersøking. Du vil då få eit skredarsydd program for balanse- og styrketrening for å førebygge fall.



Marit og Martin Fossheim i balansetrening. Dei starta i trimgruppa hausten 2015. Ryktespreiinga på bygda gjorde dei vart nyfikne på tilbodet, og etter litt mas frå fysioterapeuten vart dei med for å prøve. Dei opplever at trimmen gjer godt for kroppen. - Vi har det så moro at vi gøymer at vi blir både slitne og andpustne. Martin fekk slag i 2002. Med mykje trening har han greidd å kome seg opp frå rullestolen, og går no imponerande godt med berre ein stokk som hjelp.



Prosjektleiar Jostein Melheim (t.v.) overleverer rapporten om Friskhuset til rådmann Jarle Skartun.

«Friskhuset»

Samhandlingsreforma, folkehelselova og fleire Storting-smeldingar set store krav til kommunane i tida framover. Kommunane skal ta større del av behandling og førebygging av sjukdom og skadar. Det er mål om å ta ned forbruk av spesialisthelseteneste med færre innleggingar og redusert poliklinisk aktivitet. Resepten som vert utskriven til kommunane er større fokus på førebyggjande helsearbeid, større satsing på tilbod for å betra og halde ved like fysisk og psykisk helse. Dette er bakgrunn for eit prosjektarbeid under leiing av Jostein Melheim som har arbeidd med saka og utgreidd å nytta gamle yrkesskulen i Gaupne i arbeidet. Rapporten som no ligg føre har framlegg om mange aktivitetar som kan leggjast dit med treningssenter og dagsenter/møteplass som nøkkelfunksjonar. Rapporten konkluderer med at Friskhuset skal bli motoren i det førebyggjande folkehelsearbeidet i kommunen. Det kostar å renovere bygget til dette formålet, dette må sikrast finansiering og føresetnadane for drifta må me sjå noko meir på. Rådmannen vil arbeide vidare med saka og så kjem den opp til politisk handsaming i løpet av hausten.

Rapporten vil du finne på heimesida til kommunen.

Sommaren gjev mykje meiningsfullt arbeid for ATS



Student Nicolàs Romero i godt driv med slått av skråninga langs Engjadøla.

Sommarhalvåret er «grøntsesong» for ATS. Dei driv slått og hagestell for både bedriftskundar og private, og har etter kvart fått ganske store areal å halda i stand sommaren igjennom. Også tilbodet om stell av graver ser ut til å bli godt motteke. ATS har allereie oppdrag på fire av kyrkjegardane i Luster.



ATS satsar for tida mykje på kompetanseutvikling. Dette gjeld diverse faglege kurs, sertifikat og godkjenningar m.m. Biletet viser f.v.: Jon Solhaug, Jan Ove Fossøy og leiar Odd Atle Steggjerdet utanfor Sogndal Vidaregåande skule i ferd med å fornya yrkessjåfør-kompetansen sin.

Andre gode tilbod frå ATS:

- Catering, kantinedrift, brødvarer
- Transport og flyttehjelp
- Vaskeritjenester, utleige av dukar, reparasjon av arbeidstøy
- Digitalisering («skanning» og bearbeiding av bilete)
- Ved

Ønskjer du å følgja med på kva ATS gjer i det daglege, kan du be om å bli medlem av Facebooksida deira.



Digital post frå kommunen

Innbyggjar og verksemdar i kommunen kan no få post digitalt frå kommunen. Mest mogleg kommunikasjon mellom offentleg sektor og innbyggjarar skal skje digitalt, og den tekniske løysinga for digital post er no på plass i kommunen. Er du klar til å ta imot digital post frå oss?

Du kan velje å opprette ei digital postkasse

- Det er tryggare enn epost
- Det er raskare enn vanleg postgang
- Det er gratis å bruke
- Du tek i mot og lagrar viktige brev på ein stad, både frå offentlege og private verksemdar
- Du får viktige brev der du er
- Miljøvenleg
- Verksemdar sparar porto og ekspedisjon-sutgifter

Du kan velje mellom to typar digital postkasse. Digipost eller e-Boks. Den største forskjellen mellom dei to postkassane er kva private verksemdar du kan ta imot digital post frå. Postkassane har og ulikt design og noko ulik

funksjonalitet. Dette kan du lese meir om på nettsidene til dei to postkassene. Om du angrar på kva postkasse du valde, kan du enkelt bytte seinare om du ønskjer det.

Digital post via Altinn

Dersom du ikkje har digital postkasse, vil du likevel kunne få digital post frå kommunen i din Altinn. Når kommunen sender digital post til deg, veit ikkje me om du har digital postkasse. Dersom du ikkje har digital postkasse, får du brevet i Altinn, og kan logge deg på via ID-porten. Du får eit varsel på epost eller via sms om at du har ny post. Dersom du ikkje opnar brevet ditt i Altinn innan 2 dagar, vil det bli sendt deg i posten.

Du kan reservere deg mot kommunikasjon på nett

Dersom du aldri har registrert mobilnummer eller epostadresse via ID-porten, treng du ikkje å reservere deg. Då kan ikkje det offentlege varsle deg på sms eller epost og må difor sende ut på papir. Om du vil reservere deg gjer du det frå www.idporten.no

Aina Elise Stokkenes er tilsett som ny rovviltkontakt i Statens naturoppsyn i Luster. Foto: Statens naturoppsyn.



Aina Stokkenes ny rovviltkontakt etter Einar Fortun

Aina Elise Stokkenes har teke over som ny rovviltkontakt i Statens naturoppsyn (SNO) i Luster etter Einar Fortun. Han har vore rovviltkontakt i SNO sidan 2001. – Einar har løyst denne oppgåva på ein svært god måte. Når Einar no går av med nådd aldersgrense i staten, er vi glade for at vi har funne ein god erstattar hjå Luster Austre Fjellstyre, seier Rein-Arne Golf, som er regionalt rovviltansvarleg i SNO. Viktig at folk tar kontakt

Aina Stokkenes er oppvaksen på gard med sau på Skjolden og har alltid hatt stor interesse for natur og dyr. Stokkenes har i tillegg ein mastergrad i naturforvaltning og har gjennom studiar på Ås og Evenstad fått kjennskap til rovvilt, både teoretisk og praktisk.

– I arbeidet som rovviltkontakt er det veldig viktig for meg å ha eit godt forhold til næringa, og at folk tar kontakt og brukar meg som rovviltkontakt, seier Stokkenes.

Golf minner om at dersom husdyreigarar finn daude eller skadde dyr som dei mistenkjer er drept av freda rovvilt, så må dei ta kontakt med Stokkenes så raskt som mogleg. Mobil: 916 24 301. Elles er kontaktinformasjon å finne på nettsida til SNO: <http://www.naturoppsyn.no>.

Statens naturoppsyn, og Rein Arne spesielt, vil ynskja Einar Fortun lukke til vidare i livet og til Aina som tek over som ny rovviltkontakt i SNO.

Tilpassing av bustad

Eksisterande bustader kan gjerast meir tilgjengleg, ofte med enkle grep. Husbanken, NAV Hjelpemiddelsentralen og kommunen samarbeider for å finne gode løysingar ved å samordne dei tilskotsordningane ein har til rådvelde. For eksempel kan tilpassing av eit inngangsparti vera ei betre løysing enn å innstallera løfteplattform eller lange rampar.

Eldre og personar med funksjonsnedsetjing ønskjer ofte å bu heima i eigen bustad så lenge som mogleg. Samhandlingsreforma har ført til at fleire menneskje med helse- og omsorgsbehov forventar å kunne motta nødvendige tenester i eigen heim.

- Auka tilgjenge gjev auka sjølvstende og mindre behov for tenester
 - Auka tilgjenge tilrettelegg for betre tenesteyting i heimen
 - Det er god samfunnsøkonomi å tilrettelegge bustader
- Har du behov for å tilpasse bustaden din?

Då kan du søkje om finansiering til små eller store ombyggingar og tilpassingar. Å tilpasse ein bustad inneber å gjera den betre eigna til å ivareta spesielle behov for personar med nedsett funks-

Luster kommune har ei eiga bustadrådgevingsgruppe som du kan kontakte om du har spørsmål eller behov for hjelp. Bustadrådgevingsgruppa består av rådgjevar/fokehelsekoordinator Britt Veum Hauge, Gunnlaug Saur som administrerer dei økonomiske ordningane (lån og tilskot), rådgjevar Jan Magne Svåi, kommunal ergoterapeut Kari Ødegård og leiar for NAV Luster, Hanne Bisgaard.

jonsevne. Tilpassinga må vera hensiktsmessig og behovet for tilskot vert vurdert i si heilheit ut frå husstanden sin økonomiske situasjon på sikt. Det finns både låne- og tilskotsordningar som kan gjera det mogeleg å finansiere tilpassing av bustaden din.



Kven kan få tilskot til tilpassing? Husstandar eller enkeltpersonar som har behov for tilpassing av bustaden.

Eldre som ynskjer å utføre førebyggjande tilpassingstiltak. Kva kan det gjevast tilskot til? Både enkle tiltak for å betre tilkomsten til bustaden og til større ombyggingar for å tilrettelegge bustaden. Både leigd og eigd bustad. Familiar med funksjonshemma barn skal vera høgt prioriterte ved tildeling av tilskot.

Eksempel :

Bustadtype: Einebustad.

Husstand: Eldre mann og ektefelle. Han nyttar rullestol/scooter.

Utfordringar i bustad: Alle nødvendige rom er i hovudetasjen og det er problematisk for mannen å klare trappegang. Parkering er i nivå med kjellarinngang. Utvendig trapp (ni trinn) langs grunnmur til hagenivået på baksida av huset. Ny trapp (sju trinn) opp til hovudinngangen. Med tilrettelegging av tilkomst og dagleg oppfølging av ektefelle, vil han framleis kunne bu heime, noko som han ønskjer.

Valt løysing: Det er inga komplisert sak å tilrettelegge med heis i trappene, men ei anna og betre løysing vart å oppgradere tilkomsten til huset permanent. Terrenget rundt huset er godt egna for tilkomstveg som gir terskelfri tilkomst frå parkeringsplass til hovuddør.

Finansiering: Totale prosjektkostnader: ca. kr 180.000. Berekna tilskot frå Nav Hjelpemiddelsentral: kr 176.675.

Tilbakemelding etter tilpassing: Familien er svært nøgd med den nye løysinga. Brukar lever ikkje lenger, men ektefellen gjer seg daglig nytte av løysinga med terskelfri tilkomst.

Før utbetring



Etter utbetring



Avery Dennison NTP AS fortel om flyktningar i språkpraksis

Mangfald er ein styrke

AD NTP er ein arbeidsplass med mange yrkesgrupper og mange nasjonalitetar, forutan etnisk norske tilsette har vi tilsette med bakgrunn frå mange land som t.d. Filippinene, Thailand, England, Sverige, Litauen, Bosnia, Serbia, Syria, Eritrea, Estland, Etiopia, Mexico, og Polen. Totalt er me om lag 130 tilsette og det er ein miks av nasjonalitetar i alle nivå av organisasjonen. NTP ser at mangfaldet gjev muligheiter som ein elles ikkje hadde hatt.

Med denne innstillinga starta AD NTP å ta inn flykningar i språkpraksis allereie i desember 2012. Den første var ein ung mann frå Eritrea og han arbeida den første tida på Teknisk avdeling. Han viste tidleg interesse for produksjonsprosessen. Då språkpraksisperioden var over, fekk han kontrakt som tilkallingshjelp og frå august 2013 har han vore fast tilsett som produksjonsmedarbeidar.

På bakgrunn av denne lukkelege historia var det lett å ta inn nye flykningar i språkpraksis, og i 2014/2015 var me heldige å få totalt 6 flykningar og dette har resultert i ein fast stilling, eit vikariat og 3 tilkallingshjelp, seier HR sjef Monica Brugrand.

Opplegget med språkpraksis blir køyrt parallelt med norskopplæring i Sogndal, og det fører til at språkpraksisen skjer 1 – 2

dagar i veka for den enkelte flyktning. For å lage eit godt opplegg for flykningane og oss som arbeidsgjevar tenkte vi det kunne vere praktisk å få til ei ordning der vi hadde tilnærma 2 flykningar i språkpraksis kvar dag.

Våren 2016 tok vi difor inn 6 nye flykningar i språkpraksis. Det gav kontinuitet i både opplæring, språk og produksjonsprosessen. Dette var ein vinn/vinn situasjon. Samarbeidet med Luster kommune og NAV Luster har vore viktig for å finne ei god løysing, og me håpar at me har lagt grunnlaget for framtidig samarbeid.

Omsetningsrekord gir muligheiter

På grunn av omsetningsrekord dei to første kvartal i år trong me ekstra hender i produksjonen, og det er ein fantastisk styrke for bedrifta vår at me har ein svært fleksibel arbeidsstyrke. I vår har mange jobba overtid, samtidig som me har henta inn ekstra personell gjennom bemanningsbyrå, og ikkje minst at alle på språkpraksis også ville jobba som tilkallingshjelp for å få varene til kundane våre til rett tid.

NTP har stort fokus på å ha det kjekt på jobb, og me ser at dei tilsette er inkluderande og imøtekommande – noko som gjer at både flykningane og bedrifta

ser på språkpraksis som ein stor suksess.

Samfunnsansvar er viktig for NTP, og som hjørnesteinsbedrift fokuserer me på å gje folk muligheiter, seier dagleg leiar Tom Dyrdal. Me har difor ikkje berre flykningar i språkpraksis, men me er og ei lærebedrift i fire ulike fagbrev. Me har dei siste åra teke inn fleire sommarvikarar, for det er viktig å gi lokal ungdom ein sjanse i arbeidslivet. I skrivande stund har vi sendt tilbod til 15 ungdommar i Luster.

Me nyttar høvet til å ynskje alle ein riktig god sommar!



Anne-Britt Kjærvik og Medhane Haile på kvalitetskontroll. Medhane kom i 2016 og er på språkpraksis og tilkallingshjelp.



Jarle Kvam og Helen Gebrehiwot jobbar med kalibrering av fargar. Helen kom i 2015 og er fast tilsett.





Nav Luster, opningstid sommaren 2016

Vi har redusert opningstid i mottak i perioden 11. juli til 5. august:

Måndag: 11:00 – 14:00

Tysdag: 11:00 – 14:00

Onsdag: stengt

Torsdag: 11:00 – 14:00

Fredag: 11:00 – 14:00

Du kan nå oss på Telefon 55 55 33 33 eller sende melding via

nav.luster@nav.no.

Vi rår deg også til å nytte deg av Din side på nav.no.

Informasjon Yting og ferie

Dagpengar og ferie:

Mottek du yting frå NAV og skal ha ferie, er det forhold du må kjenne til. Du har som hovudregel ikkje rett til dagpengar når du tek ferie, fordi det er eit krav at du skal vera reell arbeidssøklar når du mottek dagpengar. Du må derfor krysse på meldekortet dei dagane du har ferie. Du må og krysse for ferie på meldekortet om du har motteke dagpengar i meir enn 52 veker, men du vil då behalde dagpengane i ferien for inntil 4 veker.

Sjukepengar og ferie:

Om du skal avvikle lovbestemt ferie når du mottar sjukepengar, må du krysse av for dette på kravblanketten for sjukepengar. Dette kan du avtale direkte med din arbeidsgjevar. Du har ikkje rett til sjukepengar ved avvikling av lovbestemt ferie.

Skal du til utlandet utan å avvikle lovbestemt ferie, må du søkje NAV om rett til å behalde sjukepengane for den tida du er i utlandet. Du skal sende søknad til NAV før du reiser og få godkjenning.

Arbeidsavklaringspengar og ferie:

Du har ikkje rett til arbeid-

savklaringspengar når du har ferie. Du kan likevel ta ferie utan trekk i utbetaling, om aktivitetane du har avtalt med NAV kan gjennomførast som planlagt. Dersom NAV ikkje har aktuelle aktivitetar for deg i perioden, er du å sjå som tilgjengelig for NAV. Då skal du ikkje føre fråvær på meldekortet, og vil få utbetalt arbeidsavklaringspengar som normalt.

Tek du ferie og dermed ikkje er tilgjengelig for NAV, skal du føre dette under spørsmål 4, om ferie eller fråvær på meldekortet når du:

- tek fri/har fråvær for planlagde aktivitetar du har avtalt med NAV. Sjølv om det kan

oppstå pausar i aktivitetsplanen, skal du likevel vera tilgjengelig for andre tiltak, som sommarjobb, praksisplass eller anna type oppfølging.

- tek fri, og ikkje ynskjer å være tilgjengelig for NAV ein periode. Det gjeld også dersom du reiser bort i Noreg og/eller utlandet. Disse tilfella vert rekna som fråvær, og du har ikkje krav på arbeidsavklaringspengar.

Du må som hovudregel opphalde deg i Noreg for å få arbeidsavklaringspengar. Dersom du vil reise til utlandet, må du sende ein skriftlig: Søknad om å behalde arbeidsavklaringspenger under opphold i utlandet.

Ditt NAV – mange ting løyser du

På Ditt NAV får du høve til å vende deg direkte til NAV, sjå referat etter dine individuelle samtalar, om det er ved personleg frammøte eller pr. telefon. Om du har skriftlege spørsmål eller svar til oss, kan kommunikasjonen skje gjennom Ditt NAV og du får svar frå ditt lokale NAV kontor eller kontaktsenteret i NAV. Svarfrist vil du sjå når du skriv til oss.

Frå 4. juni vil du i tillegg også få ein oversikt på Ditt NAV over journalførte dokument i eiga sak.

Etter å ha logga på Ditt NAV kan du sende meldekort, sjekke utbetalningar, registrere deg og lage CV, søkje om foreldrepenngar, dagpengar, pensjon, uførestønad og andre ytingar. Du kan også endra kontonummer, kontaktinformasjon, lese

Informasjon frå NAV Luster:

Fredag den 20. mai kom stortingsmeldinga om NAV sin veg vidare, «NAV i en ny tid – for arbeid og aktivitet».

Eit meir arbeidsretta NAV

- Betra kunnskap om arbeidsmarknaden
- Tettare kontakt med arbeidsgjevarane
- Meir vekt på kvalitet og resultat for arbeidssøkjande
- Styrke samarbeidet med bemanningsbransjen

Tidligare innsats – tettare på brukarane

- Fleire sjølvbetjeningsløysningar, vidareutvikle kanalstrategien
- Frigjere ressursar til arbeidsretta oppfølging
- Prioritere unge og forenkle garantiordningane
- Tydlegare krav til brukar sin aktivitet og medvirkning

Meir handlingsrom til NAV

- Gi NAV-kontora auka mynde og handlefridom, mindre detaljstyring og meir vekt på leiing.
- Meir arbeidsretta innhald i NAV-kontora, og forenkla brukaroppfølging

- Meir lokal friheit til å velge tiltak basert på individuelle behov.

Meldinga beskriv eit NAV som har behov for fleksibilitet og handlingsrom innanfor fleire område.

– Vi er nøgde med retninga i meldinga, og den fell på mange område saman med vårt høyringssvar. Vi er allereie i gang med ei dreining i den retninga meldinga trekkjer opp. Mellom anna gjennom auka eigenproduksjon, som eit tillegg til kjøp av eksterne tenester og tiltak. Dette gjer det mogleg for Nav å gi brukarane meir heilheitleg arbeidsretta teneste, seier Sigrun Vågeng.

Stortingsmeldinga er no sendt Stortinget for handsaming, og det kan forventast at dette skjer i løpet av hausten. Du kan fylgje handsaminga på stortinget.no. Heile meldinga kan lesast på *Arbeids- og sosialdepartementet sine sider*.

Skal Nav lukkast i dette arbeidet, er samarbeid med arbeidsgjevarar heilt avgjerande.

Nav Luster vil takka dykk som arbeidsgjevarar for den innsatsen de gjer. De tek samfunnsansvar både gjennom å gi språkpraksis og arbeidstrening. For fleire av dei som har vore i slik praksis har dette også resultert i jobb.

Nav-kontora i Sogn har gått saman og etablert eit marknadsteam. Jobbmessa vi har hatt i februar i Sogndal er eit resultat av dette. Marknadsteamet arbeider for at Nav skal yte god service til arbeidsgjevarar. Gjennom dette samarbeidet vil ein t.d. raskt kunne søkje opp kvalifiserte kandidatar til ledige stillingar frå heile regionen.


IA-dagen 2016. Forandring fryder – eller?

Nav oppmodar om deltaking på IA-dagen 2016 den 20. september i Førde. Her informerer m.a adm. Direktør i Lerum AS, Trine Lerum Hjellhaug om omstilling og endring i Lerum AS.


Du finn informasjon om dagen på www.nav.no/kurs

best på nettet

meldingar og referat frå NAV, og du kan skrive til NAV. Om NAV skriv eller sender melding til deg, vil du får sms om dette, men det er viktig at det er korrekt kontaktinformasjon og at denne stemmer med den kontaktinformasjon som du har registrert på Difi.



Hjarteleg tak



Hjarteleg takk for minnegåva me fekk
i høve
Torbjørn Kilen
si gravferd

Helsing
Luster sjukeheimsteneste avd. Luster
Liv Hunshamar
Avdelingssjukepleiar

*

Hjarteleg takk for minnegåva me fekk
i høve
Søvrina Alsmo
si gravferd

Helsing
Luster sjukeheimsteneste avd. Gaupne
Ruth Karin Kvam
Avdelingssjukepleiar

*

Hjarteleg takk for minnegåva me fekk
i høve
Karola Fardal
si gravferd

Helsing
Luster sjukeheimsteneste avd. Hafslø
Ole Petter Veum
Avdelingssjukepleiar

*

Hjarteleg takk for minnegåva me fekk
i høve
Olga Kveane
si gravferd

Helsing
Luster heimeteneste
Tone Kjærvik Kveane
Leiar Luster heimeteneste



Leidulf Kvam kom på rådhuset ber ein dag med ein sykkel me skulle få.

Har du ein brukt sykkel?

Luster kommune er i ferd med å byggje opp ein utstyrsentral med utstyr som kan lånast ut eller gjevast vekk. Vi ynskjer no å få tak i brukte sykklar, og det er flott om du kan hjelpe oss med dette.

Det er mest behov for større sykklar. Syklane vil bli reparert før dei vert delt ut.

Difor: Om du har ein brukt sykkel som du vil gje vekk kan du ta kontakt med Servicetorget, Rådhuset tlf. 57 68 55 00, eller e-post: postmottak@luster.kommune.no.

Grandmo lagshus

Denne våren har det vore stor aktivitet i det gamle barnehagebygget som ligg tett innpå Idrettshallen i Gaupne. Somme har sikkert sett at det har kome opp eit fint skilt øvst på veggen mot Luster Treningssenter.

I lagshuset er det, forutan garderobar som tilhøyrar idrettshallen, kontor, lager og møterom. Følgjande lag er i dag leigetakarar, Frivilligsentralen, IL Bjørn, Luster turlag, LHL, Folkeakademiet, Gaupne helselag, Bergrosa 4H og Luster Arbeiderparti. Det er framleis ledige rom, eventuelt som kan ombyggjast til lager eller kontor.



Det er og to møterom i bygget, desse kan lag og organisasjonar nytte på same vilkår som i andre kommunale bygg. Det er Frivilligsentralen som administrerar utleige/utlån av møteromma.

Luster frivilligsentral

Luster Frivilligsentral er organisert som ei foreining og har vore i drift i ca 12 år. Sentralen vil framleis vere ei foreining, men er omorganisert og det er no kome inn fem nye eigarar, slik at det er seks eigarar i alt. Forutan Luster kommune er desse no med som eigarar: LHL Luster, Luster Revmatikerforeining, NFU, LaJoma og IOGT. Fleire lag som ynskjer å bli med som eigarar er velkomne til å ta kontakt.

Det blei halde ekstraordinært årsmøte 20. april, og der blei nye vedteker godkjende og sentralen fekk nytt styre. Styret er samansett slik:

- Styreleiar: Jostein Melheim
 Nestleiar: John Olaf Røhme
 Styremedlem: Olav Moe
 Styremedlem: Berit Heltne
 Styremedlem: Karen Moe
 1. varamedlem: Kristina Tverberg
 2. varamedlem: Odd Kjell Ingvaldsen
 3. varamedlem: Anne Marie Bolstad

Luster Frivilligsentral flytta kontoret til Grandmo Lagshus (den gamle barnehagen attmed Idrettshallen) den 2. mai. Dette bygget er pussa opp og mange frivillige lag har flytta inn med kontor og/eller lager. Dei som ynskjer å besøke oss her er hjarteleg velkomne.

Styret arbeider no aktivt med å gjennomgå alle prosjekt og andre aktivitetar som Luster Frivilligsentral er med i. Målet er å kunne få på plass ein handlingsplan innan rimeleg tid. Det mest sentrale punktet vil heile tida vere at Luster Frivilligsentral skal bli ein koordinator og yte service til dei frivillige laga i kommunen.

Styret ser fram til å få kontakt med flest mogleg av dei frivillige laga, men også einskildpersonar som ynskjer å yte frivillig innsats. Dette arbeidet er starta opp og vil bli intensivert utover ettersommaren / hausten.

Ny leiar

På årsmøtet blei det gjort vedtak om å lyse ut stillinga som dagleg leiar sidan Johannes Sameien, som har vore dagleg leiar heilt frå oppstarten, ynskjer å gå av med pensjon. Anita Kjørlaus er tilsett som ny leiar, og ho tek til i stillinga 1. august.

Kontaktinfo:

Luster Frivilligsentral, Grandmo Lagshus, Grandmo 36, Gaupne
 Epost: post@luster.frivilligsentral.no
 Postadresse: Postboks 26, 6866 Gaupne
 Mobil: 456 659 54



Anita Kjørlaus er tilsett som dagleg leiar i Luster frivilligsentral, og startar 1. august. Anita er no dagleg leiar i Luster Arbeidssenter der ho har vore dei siste 11 åra. Ho gler seg til nye utfordringar og til å møte dei frivillige i Luster.

Biblioteket

Nyhende våren 2016

Biblioteket skal vere for alle og ha ein funksjon frå vogge til grav. Det speglar seg att i aktiviteten våren 2016. Med deltaking på trilletreff og på møteplass, som har dagtilbod for eldre heimebuande, er det over 90-år mellom yngste og eldste lustring, som har vore med på program i regi av biblioteket denne våren.

Også i år har Luster vore heldig og fått prosjektmidlar til arenavikling i bibliotek. Saman med seks andre bibliotek i Sogn har Luster bibliotek motteke 100.000 kroner til arrangement. I tillegg har Luster fått midlar til oppgradering av lydanlegg og til lysskjerming i vaksenavdelinga. Eit av arrangementa i Sognesamarbeidet var med journalist og eventyrar Sigri Sandberg, som begeistra dei mange fram møtte med «Frykt og jubel i Jotunheimen» i laurdagsforedraget ein januardag. Boka er forteljinga og bilete om fjella Hurrungane i Jotunheimen, om kvinnfolk som har levd med dei og klatra mot dei. Astri Drægni, ei ekte dotter av Jotunheimen, har ein sentral plass i forteljinga, som blei avrunda med Sigri si eiga tøffe ferd opp Noregs tredje høgste fjell, populært kalla for Storen.



Sigri Sandberg. Så glad blir ein når ein når toppen av Store Skagastølstind. Foto: Maja Engelke.



Sigri Sandberg og Astri Drægni.

«Askeladden og dei gode hjelparane»

Fult hus blei det også då Askeladden friteater stilte med ei oppsetting for heile familien. Dette var det andre av tre program som er med i samarbeidspakka for Sognebiblioteka. Tredje program kjem i november og handlar om fotografen Knud Knudsens fotoreise over Sognefjellet og vidare rundt på Vestlandet. Det er forfattaren,

Lisbeth Dreyer, som formidlar denne historia. Av anna aktivitet i biblioteket i vårhalvåret var som vanleg månadlege bokkafear på fredagar og språkkafear, men det var også innleigde

program som «Island rund på 10 dagar». Det var tittelen på laurdagsforedraget i slutten av januar. Lyder Veum og Laila Rynning Veum synte bilete og fortalte frå ein biltur rundt «Sagaøya» i mai 2013. Paret Veum er busett på Voss og er begge pensjonerte lærarar.



Lyder har røter på Indre Hafslo der dei har hytte og ofte kjem for å gå på ski. Programmet var med hovudvekt på natur, arkitektur, historie og kultur. Mottakinga viste eit publikum med stor interesse for Island både kulturhistorisk og som mogleg destinasjon for eiga reise og utforskning.

Eventyr frå Sogn og Fjordane

Eventyret om Bukkane Bruse har opphav i Sogn og Fjordane, fortalte Hanne Bergljot Oftedal då ho tok små og store med på ei reise i eventyr frå fylket vårt. Laurdagskafé i mai blei ei fin forteljarstund med innslag av musikk, rim og regler som særleg fasinerte dei yngste i salen. Programmet er støtta av Folkeakademiet Sogn og Fjordane.



«Dikt, fortelling og slikt» med Anders Kvam og Indre Hafslo spelemannslag

Avrunding på eit breitt programtilbod i vårhalvåret stod Anders Kvam og populære Indre Hafslo spelemannslag for på bokkafé laurdag 21. mai. Det blei ein retteleg flott sommarfest med tittel «Dikt, fortelling og slikt» med fokus på Jakob Sande sitt liv og diktning. Det møtte nær 100 menneskje for å høyre kulturprisvinnar Anders Kvam resitere Sande heilt utan manus. 86-åringen gjorde ein imponerande presentasjon. Torodd Joranger og Leon Lunde i spelemannslaget blei klappa litt ekstra for som initiativtakar for dette flotte programmet.



Anders Kvam.



Tidleg språkstimulering

Biblioteket har jamnleg program om språk- og begrepsutvikling på Trilletreffen. Her er nokre av deltakarane ein torsdag i mars månad. Hanne Teigen, Solveig Seim Lysne, Mariann Fristad Skare og Anette Stegegjerdet Norberg nyttar seg ofte av Trilletreff som møteplass og stad for fagleg påfyll. Det er Kyrkja i Luster som står bak dette tilbodet for småbarnsforeldre.



Nilas, Leander og Olina testar taktile biletbøker. Når følesansen får vere med, går det raskare å lære ord.



Kursdeltakarar med kurshaldar Silje Drevdal.

Fotobokkurs i biblioteket

Kva gjer du med dei digitale bileta du tek? Etter at dei aller fleste har gått over til digital fotografering blir gjerne bileta liggande på ei minnebrikke, på ei fil på ei datamaskin eller i skya på nett. Nokon skriv ut papirbilete og lagar album, men ein kan også gje bileta liv med å lage fotobøker ved hjelp av ulike digitale program. Det er mange firma som tilbyr gratis nedlasting av fotoprogram mot at ein kjøper produkt hos dei. For å beherske slike program må ein ha litt øving i å bruke datamaskin og internett. I februar arrangerte biblioteket fotobokkurs etter fleire førespurnader frå interesserte. Kurset var rekna for dei som ønskte hjelp til å kome i gang med egne fotoprojekt. Blant deltakarane var nokre som ønskte å lage noko spesielt ut av gamle familiebilete, ein ville laga fotobok til konfirmasjon, ein annan til eit jubileum, medan andre laga bøker frå daglegliv, ferie og fritid. Kurset blei finansiert til sjølvkost med innleigd lærar og gjekk over to onsdagskveldar. Det var to veker mellom kurskveldane, slik at det skulle bli tid til å jobbe med produktet heime. På grunn av mange interesserte, er det planlagt nytt kurs hausten 2016 for dei som ikkje fekk plass i første runde.

Oppvekstbibliotek

Skjolden oppvekstbibliotek sto ferdig i nye lokale da skulen starta skuleåret hausten 2015. Dette biblioteket er pilot for prosjektet med automatisert utlån både i bibliotekrom på skulen og i barnehagen. I feb-ruar blei også oppvekstbibliotek i Luster og Solvorn opna med ei spesiell markering.

Frå Solvorn oppvekstsenter

Biblioteket er for barnehage, skule, lærarar og foreldre. Sjølvbetent utlån gjer det enkelt å låne til ei kvar tid. Folkebiblioteket føl opp med servicetid nokre timar anna kvar veke.



Frå venstre: Miriam Borge Olsen, Enya Heggstad og Helene Søhoel provianterer til lese-vake med overnatting på skulen.



Leseveke med opning av oppvekstbiblioteket. Låneko.

Sommartidi biblioteket

Gjeld i vekene 25 – 33. Måndag stengt.
Tysdag - fredag: kl 10-15. Laurdag kl 11-14.



Personalrommet.



Samanbygginga.

Nye Hafslo barne- og ungdomsskule

Arbeidet med ombygging og nybygg ved barne- og ungdomsskolen på Hafslo starta for litt over eit år si-dan. Ved skulestart til hausten skal skulen takast i bruk att etter ombygginga. Dette blir spennande for både elevar og tilsette etter eit skuleår med pågåande byggearbeid og dei utfordringar det har medført for både elevar, tilsette og entreprenørar.

Siste skuleår har ungdomsskolen vore i det tidlegare vidaregåande skulebygget. Mellomtrinnet tok i bruk nye klasserom i fellesbygget etter haustferien. Nytt og større skulekjøkken blei også teke i bruk i oktober. Trinn 1-3 har vore i gamleskolen heile skuleåret.

Ei større endring er samanbygginga mellom ungdomsskolen

og fellesbygget/samfunnsbygget. Dette fører til at ein kan bevege seg fritt innomhus mellom dei ulike klasseromma på alle trinn.

Etter at inneverande skuleår er avslutta startar rivinga av gamleskolen og SFO-bygget. Området der desse bygga står i dag blir nytt uteområde for skulen. Opparbeiding av uteområdet vil pågå utover hausten.



Arbeidsrom for lærarar.



Klasserom.

Luster

Arbeid med utviklingsprosjektet «Oppvekstbibliotek» ligg framfor planlagt tidsskjema. I starten av juni markerte Indre Hafslo oppvekstsenter at deira bibliotek var ferdigstilt. Ein reknar med at arbeid med biblioteka i Jostedal og på Veitastrond også vil vere klare til å ta i bruk med nytt utlånssystem før 2017. På innhaldssida blir det arbeid med utvikling av ny ressurside på nett som er særleg retta mot barn, lærarar og foreldre med særleg fokus på litteratur, lesing og bibliotek. Under arbeid er også ein plan for litteraturformidling.



Frå bibliotekrommet på Luster oppvekstsenter. I front Silje, Marte, Mari og Malin.



Onsdag 18. mai var formannskapet i Luster samla til formannskapsmøte på Ornes. Her fekk dei orientering om Urnes stavkyrkje av Marit Bøen, tilsynshavar for kyrkja, samt om Forvaltningsplanen for Urnes stav-kyrkje. Eli Sofie Thorne frå Fortidsminneforeininga informerte om planarbeidet og om historia bak verds-arvstatusen og kriteria for innskrivinga på UNESCO si verdsarvliste.

Frå venstre: Arne Johannessen, Marit Aakre Tennø, tilsynshavar Marit Bøen, Elin Hauge, frå Fortidsminneforeininga Eli Sofie Thorne, rådmann Jarle Skartun og Jon Ove Lomheim.

Verdsarvnytt



Arv er noko me overtek etter dei som har levd før oss og som me skal overlata til neste generasjon.

«Verdsarven» er den delen av vår felles natur- og kulturarv som har så stor verdi for menneska i ein heilskap, at FN meiner dei skal takast vare på og overleverast til komande generasjonar.

Natur- og kulturarven er ei uerstatteleg kjelde til kunnskap, glede og inspirasjon for alle menneska, og er våre viktigaste referansepunkt til kven me er og kvar me kjem frå. I Luster er me så heldig at me har Urnes stavkyrkje som ein felles arv å ta vare på og forvalta på beste måte for framtidige generasjonar. I mange generasjonar har

folket i Luster teke vare på og verna om denne unike kyrkja med dei fantastiske utskje-ringane og som er eit arkitektonisk vedunder.

Siste åra har det vore arbeid med å etablera ei breiare samarbeidsplattform for å styrka arbeidet kring verdsarven Urnes stavkyrkje, og i løpet av 2016 vil det vera etablert eit verdsarvråd og tilsett verdsarvko-ordinator som skal ha ansvar for oppgåver knytt til styrking av verdsarven.

Verdsarvråd

Alle verdsarvområda i Noreg skal etter kvart ha eit verdsarvråd. Dei norske verdsarvområda er ulike på mange måtar. Departementet sitt mål er at alle områda får ein organisas-

jon med ei god lokal forankring med representantar for relevante forvaltningsaktørar. Organisasjonen skal ha ansvar for at definerte opp-gåver vert ivaretekne på ein god måte med ei klar ansvarsdeling og faste møtepunkt. Ein god dialog mellom lokale, regionale og nasjonale forvaltningsnivå er vesentleg. Sidan områda er ulike vert det opna for ulike modellar. For Urnes stavkyrkje har det over tid vore arbeid med å etablera ein organisasjon som har i seg element frå dei nyaste verdsarvområda – men som er tilpassa dei lokale forholda i Luster. I det lokale verdsarvrådet i Luster vert det lagt opp til å få med representantar frå politisk leiing i kommunen og fylket, lokalsam-funnet og eigarar av

verdsarven. Interimstyret for den nye organisasjonen vert leia av ordføraren i Luster.

Verdsarvforum

Sidan 2007 har det vore årlege samlingar for verdsarvområda i Noreg. Verdsarvforum er ein liten organi-sasjon med deltakarar frå dei 8 verdsarvområda i Noreg: Urnes Stavkyrkje, Bryggen i Bergen, Bergstaden Røros, Bergkunsten i Alta, Struves meridianbue, Vegaøyan, Vestnorsk fjordlandskap og Rjukan-Notodden Industriarv.

Samlinga i år var lagt til det nyaste området som er Industriarven i Telemark. Området omfattar ei bane-brytande industriutvikling basert på bruk av vasskraft tidleg på 1900-talet. Nye industribyar som Rjukan og Notodden vart planlagd og bygd opp frå botn, og nye idealsamfunn oppstod og skapte grunnlag for ei ny samfunnsstilling i Noreg.

Tema på dei årlege samlingane er erfaringsutveksling og felles utfordringar. Viktige tema i år var korleis ta vare på området rundt den definerte verdsarven, verdsarvsenter og basisutstilling.

Luster var av dei områda som hadde flest deltakarar i år. Frå

«verdsarven Urnes stavkyrkje og Luster» deltok desse på samlinga i år: Frå formannskapet: Marit Aakre Tennø og Elin Hauge, frå Fortidsminneforeninga Sogn og Fjordane avd: Jon Tamnes og Marit Bøen, og frå administrasjonen i kommunen: Torunn Løne Vinje. I tillegg møtte 2 representantar frå Fortidsminneforeninga sitt hovudkontor.

Tilretteleggingstiltak

Den lokale samarbeidsgruppa for verdsarvarbeidet i Luster leia av Luster kommune har søkt Riksantikvaren og fått tilskot til ulike tilretteleggingstiltak for å fremja verdsarven Urnes stavkyrkje. Målet er å etablere fleire tilbod til dei som kjem til Ornes og at dei får meir kunnskap om området si historie.

Verdsarvdagane i Luster:

Solvorn bygdelag og Grendelaga på sørsida har fått midlar til å samordne sørsidedagane og strandsitjar-dagane under ein felles profil; «Verdsarvdagane i Luster». Arrangementa skal halda fram som før, men med eit sterkare fokus på stavkyrkja og verdsarven. Det er oppnemnt ei eiga gruppe som skal arbeida vidare med dette. I 2016 er det eit mål at det vert ei tilskipping i regi

av Fortidsminneforeninga med tilskipping-ar i og kring stavkyrkja ei helg i september. Målet er at nyskapinga skal vera klar til tilskippingane i 2017.

Info-tavler og skilting


Det er gjeve midlar til oppsett av info-tavler og skilting og merking av tur- og gangveggar på Ornes. I tillegg skal det setjast opp egne info-tavler for gravhaugane. Arbeidet er under planlegging og målet er at tiltaka skal vera ferdig til sumarsesongen 2017.

Formannskapsmøte på Ornes

Onsdag 18. mai var formannskapet i Luster samla til formannskapsmøte på Ornes. Her fekk dei orientering om Urnes stavkyrkje av Marit Bøen, tilsynshavar for kyrkja, samt om Forvaltningsplanen for Urnes stavkyrkje. Eli Sofie Thorne frå Fortidsminneforeninga informerte om planarbeidet og om historia bak verdsarvstatusen og kriteria for innskrivinga på UNESCO si verdsarvliste. I tillegg handsama dei sak som omhandla fleire tema; løyving på 180 000 kroner til ulike tilretteleggingstiltak og aktivitetar knytt til verdsarven, forvaltningsplan for Ornes og kontorplass for verdsarvkoordinatoren.

Blås grønt

16. mai arrangerte Ungdommen sitt kommunestyre og Me'n'u «Blås grønt», eit rusfritt arrangement for ungdom i alderen 13 – 19 år. Hedda Njøs (midten) frå Ungdommen sitt kommunestyre delte ut ein iPad til dei heldige vinnarane: Birthe Josvanger, Sivert Hass og Karol Szczyпка (innfelt) under Lustramarknaden.



Adresser og skilting

Luster kommune er no i gang med å sende ut vedtak med husnummer og adresser til bustader, fritidsbustader og næringsseigedomar. Det er sendt ut nye offisielle adresser i Jostedalen og Indre Hafslo, og me kjem til å fortsetje med fortløpande utsending av vedtak for dei andre bygdene i tida framover. I fyrste omgang vert vegar med fast busetnad prioritert. Dei andre sidevegane vil få vedtak seinare.

For å finne ut kva for adresse som høyrer til kvar einskild bygning /tomt kan du søkje opp eigedomsnummer (gards- og bruksnr.) og bygningsnummer i søkjefeltet på kommunen si kartløyning. Du finn knappen «kart» øvst på kommunen si heimeside.

Alle registrerte husstandsmedlemar i ei buening vil automatisk få tildelt ny adresse.

I vedtaksbrevet som vert utsendt vil det stå når den nye adressa vert gjeldande. Posten, Luster kommune, Luster energiverk, Luster sparebank og SIMAS får automatisk melding om endra adresse.

De må sjølv sende endring av adresse til andre. Dette kan gjerast på posten sin heimeside. <http://www.posten.no/produkter-og-tjenester/adresseendring-og-oppbevaring/meld-riktig-adresse>

Skilting

Kommunen viser til adresseforskrift for Luster, FOR-2013-05-23-527 angående oppsett og utforming av husnummerskilt. Sjå heimesida eller utsendt adressevedtak for meir detaljert info om utforming og plassering av skilt.



Døme på godkjent skilt.

Vegnamnskilt og tilvisingsskilt vert oppsett av Luster kommune i løpet av 2016, medan husnummerskilt skal setjast opp av heimelshavar. Godkjent husnummerskilt er skilt med kvit reflekterande botn, svart skrift med råme rundt. Dei kan tingast av heimelshavarar hjå kommunen innan 1. juli 2016 eller ein kan skaffa sjølv. På Luster kommune sin heimeside vil du finne elektronisk søknadsskjema og info om bestilling av husnummerskilt.

Adressetilleggsnamn

For eigedomar som ynskjer å bruke gard/grendenamn i tillegg til adressenamn og nummer

er dette mogleg. Dette vert gjort med ein enkel søknad/melding til kommunen, der ein oppgir adressa det vert søkt om tilleggsnamn for, og skriv kva tilleggsnamn ein ynskjer.

På Kartverket si stadnamnteneste <http://www.kartverket.no/Kart/Stedsnavn/> kan du sjå om ynskt skrivemåte og namn er gyldig som tilleggsnamn der du bur.

Adressetilleggsnamn vil ikkje bli gjeldande fortløpande på grunn av stor arbeidsmengde. Dette arbeidet startar tidlegast november 2016.

Brannsikringstiltak Solvorn

Luster kommune utarbeidde i 2011 ein tiltaksplan for brannsikring av verneverdig tett trehusbebyggelse i Solvorn. Etter den tid har det vore arbeidd med å finansiera tiltaka. Luster kommune har sett av 1,1 mill. kroner i økonomiplanen, og Stiftinga UNI har løyvd 500 000 kroner til arbeidet. Riksantikvaren løyvde, etter søknad, 750 000 kroner til installering av felles brannalarmsystem.

Strandsitjarstaden Solvorn er eit

kulturmiljø av nasjonal verdi. Gamle trehusmiljø er særleg utsette for brann, og det er eit nasjonalt mål å sikra desse betre. På bakgrunn av tiltaksplanen har Luster kommune installert brandetektorarar i dei fleste bygningane, innafor det som er definert som «brannmitteområde». Anlegget vart sett i drift etter påske i 2016.

SOS Brannconsult AS har vore rådgjevar og Caverion Norge ut-

Trafikken mellom Pyramiden og Lustrabadet

Vegen på baksida av Pyramiden er no sperra for biltrafikk. Det er kun bussar og vare-transport som har lov til å køyre gjennom. Her har i lengre tid vore ein uheldig samanking av gåande, syklande, bussar og bilar, og det har vore fleire “nestenulukker”. I samråd med Politiet vart det difor bestemt at vegen skulle stengast for gjennomkøyring. Politiet har varsla at dei vil handheve skiltinga/forbodet strengt.

- Vil du spare deg for 4200 kroner, bryt du ikkje desse skiltpåboda, seier lensmann Asle Karoliussen.



Tidleg krøkast

må den som god brannmann vil bli. Sogn Brann og Redning var til stades under Lustramarknaden der nokon kvar fekk prøve seg som brannmann.



førande arbeidet med å installere detektorarar. Det er i snitt ein detektor i kvar etasje og detektorane er kopla til alarmsentralen i Florø. Vert alarm utløyst utan vilje, for eksempel av matos eller vassdamp, kan denne avstillast manuelt av bebuar ved hjelp av eigen avstillingsboks. Det er montert ca. 190 detektorarar, 60 av dei er med sirene. I tillegg er det montert ca. 60 av-stillingsbrytarar, 5 repeatere og ein alarm-sentralen. Anlegget skal ha årleg tilsyn. Samla investeringar vil bli opp mot 1,5 million kroner når dette tiltaket er fullført.



Solvorningane får orientering om brannsikringa.

Aktuelle arealplanar

Som ein del av budsjettet for 2016 vedtok kommunestyret i desember 2015 eit ambisiøst planleggingsprogram. Administrasjonen har no starta opp/er i

gang med å starte opp arbeidet med å regulera fleire av områda som er prioritert i planleggingsprogrammet. Dei oppsette framdriftsplanane som er sett

opp byggjer på at reguleringsarbeidet går greitt, dvs. at planframlegga ikkje må sendast ut på høyring meir enn ein gong.

Kommunale planar under arbeid

Reguleringsplan for Gjerde i Jostedal

Grunnlagsarbeidet har vore i gang ei tid. Reguleringsarbeidet omfattar Gjerde sentrum og gangveg mot byggefeltet. Luster kommune har leigt inn konsulent, ASPLAN VIAK AS til stå for reguleringsarbeidet. Dersom vi følgjer framdriftsplanen, kan planen leggjast ut til offentleg ettersyn i september.

Reguleringsplan for Dale sentrum

Reguleringsarbeidet har pågått i lengre tid. Arbeidet blir utført av Asplan Viak AS. Dette gjeld områda rundt fylkesveg 55 frå Dale kyrkje til Dalsøren camping. Hovudføre mål med dette reguleringsarbeidet er å få etablert veg/fortau langs fylkesvegen forbi gravplassen, betra trafikksit-

uasjonen kring Sva-bui og betre parkeringsplassar for turbussar. Planframlegg vil bli lagt fram for plan- og forvaltningsstyret i juni, deretter kan framlegget leggjast ut til offentleg ettersyn.

Reguleringsplan for dei sentrale delane av Heggmyrane Dette er siste ledd i eit omfattande planarbeid for utvikling av Sogn Skisenter og områda i kring. Reguleringsarbeidet byggjer på masterplan, utarbeidd av private interessentar, og revidert arealdel av kommuneplanen frå 2015.

Teknisk grunnlagsarbeid, som t.d. fastsetjing av aktuelle løyper for langrenn, rulleski m.m., er utført av konsulentfirmaet Bystøl i Vik. Nordplan AS i Førde er engasjert til å utføre sjølve reguleringsarbeidet. Reguleringsplanen kan tidlegast leggjast

ut til offentleg ettersyn etter 1. gongs handsaming av plan- og forvaltningsstyret i oktober.

Reguleringsplan for delar av Gaupnegrandane

Dette reguleringsområdet omfattar arealet mellom fylkesveg 55/Engjadalselvi og vegen til Gaupnegrandane, frå og med Luster Energiverk og ned mot fjorden, til og med Massiv Lust og Digital Etikett. Føremålet med planen er å få plassert tilkomstvegar til tomtene, tomtedeling og grensene mellom byggeområde og friområdet mot Engjadalselvi. Arbeidet blir utført av Luster kommune. Planen er at eit reguleringsframlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn etter 1. gongs handsaming av plan- og forvaltningsstyret på første møtet etter sommarferien.

Kommunale reguleringsplanar i oppstartsfasen

Luster kommune har til no i vår meldt oppstart av arbeid med ytterlegare tre reguleringsplanar:

Omregulering

av Billagstomten på Hafslo

Bussgarasjen på området er ikkje lenger i bruk til det opphavlege føremålet. Det varsla reguleringsarbeidet omfattar «Billagstomten» og litt av områda rundt, i alt 5,6 daa. Aktuelle føremål er veg, snuplass og parkering, bustadbygg, offentleg toalett og landbruk.

Omregulering av eit mindre område ved Hillestad traktorservice AS ved Galden på Hafslo Dette gjeld omdisponering av 1 – 2 dekar som skal nyttast til utstillingslokale for Hillestad Traktorservice AS. Området ligg mellom busshaldeplassen og ballbingen på Galden.

Motorsportsenter på Leirmoøyarden

Leirmoøyarden ligg nedanfor vegen like framfor Leirimo. Området som i følgje kommune-

planen kan nyttast til motorsportsenter er på om lag 150 dekar. Området har vore med i kommuneplanen sidan 2008. I og med at dette gjeld omdisponering av eit større utmarksområde, krevst det meir utgreiingsarbeid enn for mindre planarbeid. Reguleringsarbeidet vil truleg bli utført av Luster kommune sjølv. Planprogram er utarbeidd og sendt ut til offentleg ettersyn. Biolog må vurdere området før endeleg utarbeiding av planen.

Private reguleringsplanar

Reguleringsplan for Sandal, Hafslo

Arkitektkontoret A38 har på vegne av Hans Nes Bygg AS, varsla oppstart av reguleringsplan for gnr. 148, bnr. 14, Krekavegen 194, på Hafslo. Tomten er på om lag 2,5 daa og ligg på austsida av Krekavegen. Her er det skissert ei utbygging av 16 bueiningar, i lågbløkk og rekkjehus. Luster kommune styrer ikkje framdrifta for privat reguleringsarbeid, men det er grunn til å tru at reguleringsframlegg blir lagt ut til offentleg ettersyn sommaren 2016.



Sandal. Det er varsla oppstart av privat reguleringsplan for gnr. 148, bnr. 14, Krekavegen 194, på Hafslo. Tomten er på om lag 2,5 daa og ligg på austsida av Krekavegen. Her er det skissert ei utbygging av 16 bueiningar, i lågbløkk og rekkjehus.

Botn er avsett til bustadbygging i kommuneplanen. Avsett byggeareal er på om lag 65 daa, som er føresett utbygt med 130 bueiningar.


Omregulering av Salen, Gaupne

Konsulentfirmaet Norconsult AS, har på vegne av Salen Utbygging AS, varsla omregulering av området kalla «Salen» i Gaupne. Området er på om lag 12 daa og ligg på nordsida av vegen opp mot Røslbakkane. I reguleringsplan frå 2012, var det regulert inn 6 tomter for einbustader. Salen Utbygging AS ønskjer m.a. å leggje til rette for ei høgare utnytting av området.

Området Botn på Hafslo

Botn er området på austsida av Hafslovatnet og fylkesveg 55, om lag frå Stolpen og sørover mot Lyngmo/Galden. Frå 2008 har området vore avsett til bustadbygging i kommuneplanen. Avsett byggeareal er på om lag 65 daa, som er føresett utbygt med 130 bueiningar. Konsulentfirmaet Norconsult AS, har på vegne av Hans Nes Bygg AS, i april i år teke kontakt med Luster kommune og varsla at firmaet ønskjer å starte reguleringsarbeid for området. Det er enno ikkje sendt ut oppstartsvarsel for dette området.

Av reguleringsarbeid som etter planleggingsprogrammet skal startast opp av Luster kommune denne våren, står vi per 15. mai att med plan for utviding av Lundshaugen bustadfelt på Indre Hafslo.



Regulering for motorsport på Leirmoøygarden i Gaupne.



Tun 1 og Tun 2, Løkjane sameige.



Bad. Montasjearbeid innvendig pågår for fullt.

Leiligheiter i Gaupne sentrum snart ferdige

Stiftinga Luster utleigebustader har i 2015 og 2016 sett opp 2 bygg på gamle bar-nehagetomta i Gaupne. Dei har fått namnet Løkjane sameige. Det er 18 leiligheiter som no er i sluttfasen av prosjektet. Ferdigstillingsdatoen er sett til 31.08.16. Eit stort behov for utleigebustader gjorde til at det vart sett i gang bygging av 18 nye

leiligheiter. Prosjektet starta i mai 2015 og ligg innanfor tidsråma sett i framdriftsplanen. Det er no mykje innvendig arbeid som pågår med montasje av kjøkken og bad i Tun 1 som ligg nærast ungdomshuset. I Tun 2 legg dei golvbelegg, målar og listar. Elles utvendig ferdigstilling med kledning, balkongar og svalgangar.

Carportanlegg som vert eit fint skille mellom ungdomshuset og Tun 1 er påbegynt med betongarbeid. Framfor desse skal det også vere felles tilkomst med 4 leiligheiter som vart bygt av Nordbohus Sogn AS i 2015. I siste delen av prosjektet vert det utvendig arbeid med opparbeiding av plenar og parkering med asfaltering til slutt.

Finale Norges beste drikkevatt

Luster kommune vann tidlegare delfinalen i Sogn og Fjordane med både grunnvatn (Gaupne) og overflatevatn (Hafslo)! Vasskjelder med over 500 abonnentar kunne vere med.

Me stilte derfor opp i LANDSFINALEN på Telenor Arena i april, etter delfinalar med totalt 80 vassverk rundt om i heile landet! Luster stilte med eitt vassverk i kvar klasse av totalt 18 finalistar!

Etter nøye smakstesting vart to vinnarar kåra; Narvik for beste grunnvasskjelde og Alta for beste overvasskjelde.

Luster kommune er svært stolt av å vere einaste kommune med to vassverk i finalen og at vatnet vårt og råvasskjeldene våre hevdar seg sopass høgt opp på landsbasis. Dette skuldast vasskjelder av god kvalitet, men òg jamn og god oppfølging og vedlikehald frå våre dyktige driftsoperatørar!



Alle ni vinnarane frå landsdelsfinalane, vassverk grunnvatn, på scena. Gaupne vassverk v/Ingrid M. Slinde heilt til høgre. Vinnar vart Alta vassverk som her vert intervjuva av Norsk vann sin representant, Einar Melheim. Foto: Mats Huseby.

Verket 2

Byggjefeltet Verket 2 inneheld både einbustader og bustadblokker med 2 og 3 etasjar. Grunnarbeid, veg, vatn og avlaup er i full gang og vert ferdig-stilt i løpet av sommaren 2016. Følgjande tomter er lagt ut for sal (sjå skis-se):

4 einbustadtomter

4 område for bygging av bustadblokker i 3 etasjar

2 område for bustader konsentrert i 2 etasjar

Tomtane blir tildelt etter «reglar for tildeling av tomt i kommunale byggje-felt», vedtekne i Luster kommunestyre den 24. september 2015, sak 57/15.

Plassering, høgde og utforming m.m. av bygningane, er regulert gjennom byggjegranser på plankartet og gjennom reglar i føresegnene for reguleringsplanen.

Dei som får tildelt tomt må starte byggjearbeid innan eitt år etter tildeling. Kostnader med tilknytingsavgift vatn/avløp, oppmåling og tinglysing kjem i tillegg til tomtepris.



Nytt byggjefelt Verket 2. Ferdigstilt sommaren 2016.



Skisse over ferdigstilt byggjefelt einbustader og hus i rekke.

Grøntanlegga i Gaupne sentrum

På forsommaren har me hatt flinke folk som har pynta opp i grøntanlegget i Rådhusparken og ved Pyramiden. Kommunen har leigd Landbrukstenester Sogn til arbeidet. Inger Johanne

Yttri har gode hagekunnskapar og har leia arbeidet. Fleire flyktningar har delteke gjennom språkpraksis. Her er Inge Johanne og Mohammad ein regnfull dag, blide og flittige. Dei

har grave vekk gamle plantar og mykje ugras.

No kan statuen Omsorg skine framfor fine roser og lavendel.




Folketals- utviklinga

I 2015 vart det fødd 52 barn medan det døydde 49 personar i Luster kommune. Det flytte inn 173 personar medan 199 flytte ut. Det gav ein folketalnedgang på -26 i 2015. I fyrste kvartal i 2016 auka folketalet med 5 personar. Det var 11 som vart fødde og 11 døydde. Det flytte 33 personar til kommunen og 28 flytte ut. Samla gav det folkeauke på 5, slik at folketalet den 1. april 2016 var 5098.

Folketal	pr. 01/01-99:	5035
Folketal	pr. 01/01-00:	5003
Folketal	pr. 01/01-01:	4954
Folketal	pr. 01/01-02:	4968
Folketal	pr. 01/01-03:	4924
Folketal	pr. 01/01-04:	4926
Folketal	pr. 01/01-05:	4927
Folketal	pr. 01/01-06:	4889
Folketal	pr. 01/01-07:	4884
Folketal	pr. 01/01-08:	4870
Folketal	pr. 01/01-09:	4879
Folketal	pr. 01/01-10:	4945
Folketal	pr. 01/01-11:	5023
Folketal	pr. 01/01-12:	5026
Folketal	pr. 01/01-13:	5041
Folketal	pr. 01/01-14:	5089
Folketal	pr. 01/04-14:	5076
Folketal	pr. 01/07-14:	5079
Folketal	pr. 01/10-14:	5105
Folketal	pr. 01/01-15:	5118
Folketal	pr. 01/04-15:	5097
Folketal	pr. 01/07-15:	5095
Folketal	pr. 01/10-15:	5071
Folketal	pr. 01/01-16:	5093
Folketal	pr. 01/04-16:	5098

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå, kvartalsvis befolkningsstatistikk.

NB! Talmaterialet for endringar siste kvartal er førebelse tal.



Rosande omtale

Kommunal Rapport gav rådmann Jarle Skartun rosande omtale av årsrapporten han la fram for 2015. Årsmeldingstestar Bjørn Brox gav han 5 stjerner av 6 oppnåeleg.

TV-aksjonen 23. oktober til Røde Kors



Innsamla midlar skal hjelpe sivile offer for krig og konflikt.

Luster er i gang med å førebu seg til TV-aksjonen i haust og har valt kommunekomiteè:

Marit Aakre Tennø, leiar
Aud Elin Bolstad, Skjolden
May-Tone Feten Høyheim, Luster
Arne Bondevik, Høyheimsvik
Ellen Melheim, Indre Hafslø
Aili Kjølås-Sæverud, Sørheim
Aud Fossøy, Jostedal
John Havellen, Gaupne
Jan Magne Søhoel, Luster sparebank
Per Jørgen Loen, Solvorn
Jakob Øygard, Fortun
Arild Steinar Nes, Veitastrond
Sigfrid Ahlin Søvde, Hafslø
Asborg Leirdal Kjærvik, Gaupne
Britt Optun, Hafslø kontaktperson for Røde Kors

Luster kommune har gitt 15.000 kroner til TV-aksjonen. Du er velkomen til å bidra i arbeidet. Ta kontakt med aksjonsleiar *Marit Aakre Tennø*, marit@nynorsk.no. Me ynskjer komiteen lukke til med arbeidet!

Kommunal Rapport

Utgitt av KS ved heleiet selskap Kommunal Rapport A/S
Godkjent opplag: 9.039
Abonnentspris: 2.195 kroner · Trykk: Nr 1 Trykk AS

TLF 24 13 64 50

redaksjon@kommunal-rapport.no
Retur: Kommunal Rapport P.B. 1940 Vikå 0125 Oslo

LES NESTE UKE

Slike Nav-kontorer
Hauglie (H) og Sigrun

Henta frå Kommunal
Rapport nr 19
Torsdag 9. juni 2016.
Ettertrykk forbode

Årsmeldingstest

Lysende fra Luster

Denne årsmeldingen har **DET MESTE**.

Økonomisk kontroll

Karakter ★★★★★

Luster kommune har grei kontroll med økonomien, ser det ut til. Netto driftsresultat ble positivt med 1,4 prosent av driftsinntektene i fjor. Netto lånegjeld er lavere enn vanlig og disposisjonsfondet er større enn vanlig. Nøkkel tall for driftsresultat og gjeld presenteres i årsmeldingen. Disposisjonsfondet blir ikke nevnt.

Årsmeldingen har en enkel regnskapsanalyse. Overskuddet skyldes god budsjett disiplin og flaks med pensjonsutgiftene, skriver rådmann Jarle Skarun. Luster er en kraftkommune innerst i Sognefjorden. Kommunen strever med å tilpasse seg stadig lavere kraftinntekter. Strømprisene er lave og investeringene i kraftbransjen er høye for tiden. Det blir lite overskudd til eierne.

Årsmeldingen har en god del informasjon om kostnadsnivået i tjenestene. Enhetspriser fra Kostra sammenlignes med kommunegruppe I2, fylket og landet. Figurene viser at Lusters utgifter er høyere enn sammenlignings-

kommunene. Det mangler dessverre en tydelig oppsummering av kostnadsforskjellene. Etter min vurdering var kostnadsnivået i Luster svært høyt i fjor. Samlede behovskorrigerede netto driftsutgifter er 13 millioner kroner høyere enn gjennomsnittet i kommunegruppe I2. Kostnadene er skyhøye i både grunnskole og PLO. Dette burde få større plass i årsmeldingen, i alle fall når driftsoverskuddet nærmer seg null.

Luster er en av fem (!) norske kommuner som legger fram regnskapet etter Kostra-funksjon, ikke etter intern organisering. Omtalen i årsmeldingen av skoledriften deles inn i 202 undervisning, 215 SFO, 213 voksenopplæring, 222 skolelokaler og 223 skoleskyss, ikke etter skole. Dette fungerer fint. Nøkkel tallene fra Kostra passer godt inn i rådmannens analyse. Politikerne kan konsentrere seg om resultatene i tjenesten, ikke det indre livet i administrasjonen. Slik vil kommunale styringsdokumenter lages i fremtiden. Ett poeng ekstra.

Målstyring

Karakter ★★★★★

Det er mye målstyring i denne årsmeldingen. Luster har vedtatt 100 konkrete mål for tjenestene og samfunnsutvikling. Elevene skal trives og lære mye på skolen. Drikkevannet skal være rent. Saker i barnevernet skal undersøkes i løpet av 3 måneder. Oppmålingsforretninger skal utføres i løpet av 60 dager. Alle ledere i barnehagene skal ha pedagogisk utdanning.

Vi får stort sett vite resultatene. 46 av de 100 målene ble nådd, så vidt jeg klarte å se. Resultatene i grunnskolen er gode. Alle barnehagelederne har ut-

Årsmeldingstest Bjørn Brox



Bjørn Brox er cand.polit. og bedriftsøkonom og arbeider som konsulent i Agenda Kaupang

OPPSUMMERING
Det trengs tydelige konklusjoner og hva som bør forbedres. Det mangler i de fleste årsmeldinger

Tidligere testet

★★★★★

★★★★★

★★★★★

Grane, Lierne, Ringebu

★★★★★

Sør-Fron, Råde, Rælingen

★★★★★

Send oss din årsmelding til vurdering!

redaksjon@kommunal-rapport.no

danning. Fire drikkevannsprøver ble underkjent. Saksbehandlingstiden på oppmåling mangler.

Rådmannen oppsummerer resultatene i sin innledning til årsmeldingen. Han mener 9 av 20 hovedmål ble nådd. Det gjaldt blant annet sykefraværet og bygging av sentralkjøkken for PLO. Målene for netto driftsresultat og saksbehandlingstider ble ikke nådd, skriver han. En slik oppsummering er viktig. Det trengs tydelige konklusjoner og hva som bør forbedres. Det mangler i de fleste årsmeldinger.

Luster ble nr. 138 i Kommunebarometeret til Kommunal Rapport i år. Det tyder på gode resultater og bekrefter inntrykket man får i årsmeldingen.

Enkelhet


Karakter ★★★★★

Dette er en lettlest og godt disponert årsmelding. Dokumentet er på 80 sider inkludert fullt regnskap med revisjonsberetning. Det er en balansert rapport. Den handler både om økonomi, tjenestekvalitet, samfunnsutvikling, organisasjonsutvikling og politikk/valg. Interkommunalt samarbeid blir gjennomgått over fire sider. Det er masse samarbeid med andre kommuner. Meldingen burde være mer opptatt av konsernet. Det er konsernet som er viktig i kommuner med så mye samarbeid som Luster, ikke kommunekassen.

Samlet vurdering

Karakter ★★★★★

En god årsmelding fra en veldrevet kommune. Flott at det finnes småkommuner med så gode styringsdokumenter. Hent meldingen på nettet i dag.



Gudbrand Guthus, direktør for konsesjon og tilsyn i Medietilsynet:

Det store digitalradiosteget

Det er ikkje lenger langt inn i framtida at Noreg tek det store steget inn i den digitale radi-overda. Eitt år fram i tid har lyttarane i Nordland alt i mange månader vore heildigitale når det gjeld riksdekkande radio. Lyttarar i Trøndelag og Møre og Romsdal har tilgang til berre digitale rikssendingar frå rett etter påske neste år. I slutten av april 2017 sløkker NRK FM-sendingane sine i Telemark, Buskerud, Oppland og Hedmark. I desse fylka sløkker Radio Norge og P4 på FM i juni. Etter sommarferien er det sløkking i Agder-fylka, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Før jul neste år er riksdekkande radio heildigital i heile landet. Så godt som alle kjenner til overgangen frå FM til digitalradio. Konkret kunnskap er meir varierende. No må alle som vil høyre NRK og riksdekkande radio elles, ta inn over seg at det

ikkje er mange månadene til at lytting må skje på ein DAB+-radio eller via internett eller digital-tv.

Radiolytting i bil gir god underhaldning og er ei viktig kjelde til meldingar om trafikk og naudssituasjonar. Likevel er det mange som ikkje har gjort bilen klar for digital radiolytting. Sjølv om det kanskje er halvanna år til dei rikssendte FM-sendingane blir borte der du bur, kan det vere under eit år til det berre er digitale signal langs vegane du kører.

Digitalradio gir eit større tilbod av kanalar enn FM. Men ikkje alle har berre gode røynsle med lytting på DAB. Dei som var tidleg ute med å skaffe seg DAB-radio med førstegenerasjonsteknologi, må vere klar over at det er DAB+-radioar som gjeld framover. Når det gjeld vegtunnelar, er det greitt å vite at det først er no i år eller nærmare



sløkking at ei rekke tunnelar får digitale signal. Dessutan blir DAB+-nettet framleis forsterka ein rekke stader rundt om i landet for betre dekning.

Lokalradio er ein viktig del av mediemangfaldet. Stadig fleire lokalradioar sender digitalt, både over internett og på DAB+. Dei fleste lokalradioane vil jamvel etter neste år kunne halde fram på FM om dei ønskjer det. Medietilsynet informerer om digitalradioovergangen etter oppdrag frå Kulturdepartementet. Sjå meir på Medietilsynets nettside: <http://www.medietilsynet.no/digitalradio/>

Installere vassmålar?

Dersom du bur åleine i ein stor bustad, brukar bustaden berre deler av året eller har hushaldning med lite forbruk, bør du vurdere installasjon av vassmålar. Det kan redusere forbruksgebyret både for vatn og kloakk ettersom forbruk kloakk vert sett lik vassforbruket.

Utan vassmålar vert vassforbruket rekna ut frå arealet på huset (stipulert vassforbruk).



Korleis få installert vassmålar?

Ta kontakt med eit røyrleggjarfirma og bestill vassmålar/be om installasjon av vassmålar. Abonnenten må sjølv ta kostnaden med innkjøp og installasjon. Installasjon og bruk av vassmålaren skal vere i samsvar med «Reglar for bruk av vassmålar».

Røyrleggjar fyller ut skjema etter installasjon av vassmålar, og sender dette til kommunen for å få registrert målar.

Alle næringsseigedomar og offentlege verksemdar skal installere vassmålar.

Avlesing av vassmålar

Vassforbruket skal minimum avlesast ved kvart årsskifte. Målarstanden skal rapporterast til kommunen anten på sms, på heimesida til kommunen eller ved å sende inn skjema som du får tilsendt i desember.



Skuleklasse på besøk. Tekst og foto: Norman Kjærvik, Statkraft.

Jostedal kraftstasjon mellombels stengd

Jostedal kraftstasjon, 1200 meter inne i fjellet ved Myklemyr i Jostedalen, er dette året stengd for turistar, skuleelevar og andre besøkande.

Stort vedlikehaldsprosjekt i 2016

Det blir no i sommar og haust gjennomført eit større vedlikehaldsprosjekt i kraftstasjonen, med mellom anna utskifting av tyngre utstyr og omfattande transportaktivitet til og frå fjellanlegget, 1200 meter inne i fjellet. Dette arbeidet er av ein slik karakter at det er uråd

å kombinere med turisttrafikk inne i sjølve maskinsalen i kraftstasjonen. Ut frå omsynet til persontryggleik har Statkraft funne det rett å stenge kraftstasjonen for alle andre enn dei som har sitt arbeid der så lenge dette arbeidet varer. Neste år reknar Statkraft med at alt er attende i normalt gjenge.

Open kraftstasjon frå 1990

Kraftstasjonen ved Myklemyr har i alle åra sidan den kom i drift i 1990 vore open for publikum, og det har vore tilsett eigen omvisar i omlag to månader i sommarhalvåret, frå omlag

20. juni til omlag 20. august. Besøkstala har variert noko frå år til år, men tilbodet har synt seg etterspurt, særleg i periodar med dårleg ver, då det freistar mindre med uteaktivitetar. Då er det greitt for reiselivsverksemdene å kunne sende sine gjester til Jostedal kraftstasjon, der dei kan studere fornybar energi inne i fjellet, på verkeleg nært hald. I tillegg til turistbesøk i sommarhalvåret, har Statkraft òg teke imot ei rekkje skuleklassar, både frå lokale skular i Luster kommune og frå Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Mange fugleartar på Skjeret

Det er observert 25 ulike fugleartar på og rundt Skjeret ved Myrheim i Lustrafjorden. I heile vintersesongen brukar fuglar Skjeret som le og kvileplass. Frå mars til mai brukar forskjellige trekkfuglar Skjeret for å kvile nokre dagar før dei dreg vidare, og frå starten av april til slutten av august fungerer Skjeret som hekkeplass for fleire ulike arter. Fleire av dei hekkande fuglane, som f.eks. makrellterna og fiskemåke, er på den norske raudlista!

Makrellterna returnerer kvart år etter å ha floge tusenvis av kilometer frå sør- og vest Afrika for å lande på dette vesle unike Skjeret og hekke der! Dette fortel Keiron Grey til Lustranytt.

Han har stor sut for at lustringar og turistar skal få større kunnskap om fuglelivet på Skjeret og kunne få sjå fuglane frå badeplassen.

Me oppmodar alle om å ta omsyn og ikkje uroe fuglane på Skjeret.



Fleire av fuglane som hekkar på Skjeret er raudlista. Bade- og båtfolk blir oppmoda om å ta omsyn og gje fuglane ro i hekketida. Foto: Keiron Grey.



Store arbeid på Tunsbergdalsdammen

Statkraft sine kraftverk og installasjonar i Luster kommune må av og til gjennomgå større vedlikehaldsarbeid og oppgraderingar. Denne gongen er det Tunsbergdalsdammen i Leirdalen som står for tur, med omfattande anleggsarbeid til seinhausten 2016.

*Tekst og foto:
Norman Kjærvik, Statkraft.*

Tunsbergdalen

Konsesjon for utbygging av Leirdøla kraftverk vart gitt våren 1974 og kraftverket vart sett i kommersiell drift seinhausten 1979. Leirdøla kraftverk nyttar vatn frå Tunsbergdalen, eit langt dalføre i om lag 500 meters høgde på vestsida av Jostedalen. Hovudmagasinet, som òg er inntaksmagasin for Leirdøla kraftverk, strekker seg innover mot den over 12 kilometer lange Tunsbergdalsbreen, den lengste brearmen i Noreg.

Stort nedbørfelt

Nedbørfeltet er på om lag 154

kvadratkilometer, og dekket av is og snø store deler av året. Totalt magasinivolum er 173 millionar kubikkmeter. Høgaste regulerede vasstand på Tunsbergdalsmagasinet er 478 meter, lågaste vasstand 440 meter - det vil seie ei total regulering på 38 meter. I høve til det naturlege vassnivået før utbygging er vasstanden heva 28 meter og senka 10 meter. Tunsbergdalsdammen er om lag 890 meter lang på toppen og har ei maksimal høgde på 43 meter. Dammen er bygd opp av morenekjerne, støttefyllingar og plastra med storstein. Dammen er både trygg og sikker, men skal no gjerast enno sikrare.

Prosjektoppstart hausten 2015

Prosjektet med å rehabilitere dammen starta opp allereie hausten 2015, medan hovudarbeidet går føre seg i år. I slutten av oktober 2016 skal oppgraderinga av Tunsbergdalsdammen etter planen vere avslutta. Tunsbergdalsdammen er bygd i 1975-1978 og tilfredsstillar ikkje lengre dei nye og strengare krava

til stabilitet for nedstraums damskråning frå NVE. Statkraft skal difor fornye nedstraums damskråning med ny støttefylling og plastringstein, heve damkruna med ein meter og utbetre systemet for flaumavleieing og lekkasjemåling, samt utføre ein del mindre arbeid. Prosjektet har eit totalbudsjett på 125 millionar kroner.

Meir nedbør enn i dag

Bakgrunnen for dei nye tryggleikskrava frå NVE er mellom anna at det kjem til å bli meir nedbør i Noreg i framtida enn det som har vore tilfelle til no. Ein ting er at det blir meir nedbør, men det blir òg hissigare og oftare storflaumar ifølgje NVE. Difor blir dammen bygd ein meter høgare enn i dag og sjølv plastringa med storstein blir rundt 8 meter breiare enn i dag. Det vil gå med om lag 200.000 kubikkmeter stein til dette arbeidet.

Hovudentreprenør frå Voss

Flage Maskin frå Voss er hovud-

dentreprenør for damarbeidet og dei har i sommar rundt 25 mann på anlegget. Tunsbergdalsdammen er eit stort oppdrag for entreprenøren, men dei har òg hatt større oppdrag, så dette er i dei beste hender. I tillegg til Flage Maskin, og deira tilsette frå Hardanger, er det òg ei rekkje andre som har sitt arbeide her i Leirdalen i sommar, både Sogn Entreprenør, Sogn Betongservice, Roger Jordalen Entreprenør og fleire underentreprenørar, inklusive lokale innleigde som har hogge skog og rydda for arbeid i anleggsområdet.

HMS står sentralt

Statkraft har eit sterkt og vedvarande fokus på tryggleik. I eit prosjekt av denne storleiken er det ekstra viktig å følgje opp alle typar arbeidsoppdrag med motivasjon og kontroll for maksimal persontryggleik. Det blir gjort grundige analysar av arbeidsoperasjonar og diverse tiltak bli sette i verk for at arbeidet kan føregå med lågast mogeleg risiko og utan skader. I tillegg til tryggleiken for dei som arbeider på anlegget er Statkraft



òg opptekne av at Leirdalen er eit populært utgangspunkt for aktivt friluftsliv, mellom anna toppturar på ski på vårparten og til fots om sommaren og hausten. Det er såleis lagt til rette for bilparkering framme ved dammen for å sikre god og trygg tilgang til fjellområda kring Leirdalen i anleggsperioden.

Arbeid til oktober - november 2016

Etter planen skal alle arbeida med Tunsbergdalsdammen vere ferdige i slutten av oktober

2016. I denne perioden blir det omfattande tungtransport frå steinbrotet til Tunsbergdalsdammen og det blir arbeidd på to skift, sju dagar i veka, så det blir slett ikkje stille i Leirdalen i sommar. I periodar med ekstra stor anleggstrafikk kan det bli naudsynt å stenge anleggsvegane for all annan trafikk. Statkraft ber alle som ferdist i området om å følgje med på skilting og annan informasjon, og generelt vise varsemd ved all ferdsle kring anleggsområdet i Leirdalen.

Sommarutstilling

Luster kunstlag hadde sommarutstillinga med måleri av kunstnaren Ivar Svensøy under kulturveka til Lustramarknaden. Ved opninga song Andrea Årøy med tonefyllgje av faren Bjørn Tore Årøy. Svensøy likar sterke fargar og er inspirert av Knut Rumohr.



«Nytt» frå Breheimen nasjonalparkstyre

Nytt nasjonalparkstyre på plass i Breheimen

Det nye nasjonalparkstyret for Breheimen vart konstituert 5. april. Marit Aakre Tennø (varaordfører i Luster) vart vald til leiar, og Anne-Lise Marstein (varaordfører i Lom) vart vald til nestleiar.

Nasjonalparkstyret har til saman seks medlemar, og desse representantane er oppnemnt til å sitje i Breheimen nasjonalparkstyre dei neste fire åra:

Styremedlem	Varamedlem	Representerer
Marit Aakre Tennø	Ivar Kvalen	Luster kommune
Anne-Lise Marstein	Bjarne Eiolf Holø	Lom kommune
Elias Sperstad	Eva Therese Hyrve Bosmen	Skjåk kommune
Jon Olav Kvamme	Helen Hjertaas	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Torstein Lerhol	Anlaug Seljevold	Oppland fylkeskommune
Birgit Bilstad	Jo Trygve Lyngved	Skjåk Almending



Marit Aakre Tennø er vald til styreleiar i Breheimen nasjonalparkstyre for dei fire neste åra. Her er ho på Geisdalshalsane i Breheimen nasjonalpark (Foto: Privat).

Nasjonalparkstyret ynskjer å «telje deg» i Breheimen!

Breheimen nasjonalparkstyre vil i sommar gjennomføre ei undersøking blant folk som ferdist på tur i Breheimen. Målet med undersøkinga er å få betre oversikt over kven som brukar området, kva dei gjer, og ikkje minst kva ønskje dei har for t.d. informasjon, merking av stiar og fysisk tilrettelegging som til dømes klopplegging av blaute parti.

God forvaltning krev kunnskap,



Vi håpar du kan setje av nokre minutt og fylle ut eit svarkort som ligg i sjølvregistreringskassen dersom du passerer ein slik i ein av innfallsportane til Breheimen i sommar/haust.

Foto: SNO-Rigmor Solem.

og dette vil gi nasjonalparkstyret eit betre grunnlag for å legge til rette for dei som besøker området framover.

Nasjonalparkforvaltaren opplyser at ein vil setje ut såkalla sjølvregistreringskassar ved til saman 11 stiar som fører inn i Breheimen, i Luster, Lom og Skjåk i løpet av juni månad. Utanpå kassane vil det vere ein plakat med oppmoding til deg som er på tur i området om å fylle ut eit svarkort som ligg i kassen. Slike svarkort vil i tillegg bli lagt ut på Krossbu, Sognefjellshytta og Nørdestedalseter, og vi håpar du som ferdist i Breheimen vil ta deg tid til å gi oss tilbakemelding om kva ønskje du har om informasjon og fysisk tilrettelegging i området osv.

I Luster vil du finne desse sjølvregistreringskassene i Vanndalen, Vigdalen, Mørkridsdalen og ved Nørdestedalseter. I tillegg vil Statens naturoppsyn og nasjonalparkforvaltaren gjennomføre sporadiske intervju



To svært nøgde skituristar frå utlandet vart intervjuet på Myri i Jostedal i slutten av april. Svare frå intervju og spørjeundersøkinga vil gi nasjonalparkstyret svært nyttig informasjon i arbeidet med ein framtidig besøksstrategi for Breheimen. Foto: SNO – Liv Byrkjeland.

ulike stader i området. Nasjonalparkstyret treng tilbakemelding frå både norske og utanlandske turistar, og vi oppmodar særleg deg med lokalt tilhør til området om å fylle ut eit svarkort når du er på tur i desse områda! Undersøkinga vil danne grunnlag for arbeidet med ein besøksstrategi for Breheimen,

Oppfølging av lovpålagt driveplikt for landbrukseigedomar

Som ledd i arbeidet med å følgja opp driveplikta på jordbruksareal kjem landbrukskontoret i løpet av året til å senda ut brev til alle som eig minst 5 daa dyrka areal, der area-let anten vert bortleigt, eller eigar driv det sjølv og ikkje søker om produksjonstillegg.

Kommunane er pålagde å kontrollere at driveplikta vert oppfylt. Luster er ein stor landbrukskommune med i overkant av 800 landbrukseigedomar, noko som gjer forvaltninga av drivepliktsreglane til ei omfattande oppgåve.

Det er no igangsett arbeid for å skaffa betre oversyn over korleis driveplikta vert oppfylt på dei einskilde landbrukseigedomane i kommunen. I samband med dette vil landbrukskontoret i løpet av året senda ut skriv om driveplikt til alle som eig landbrukseigedom over 5 daa der jordbruksarealet anten vert bortleigt, eller eigar driv sjølv og ikkje søker om produksjonstilskot.

Eigarane blir bedne om å gje tilbakemelding om korleis



Dyrka areal i drift.

driveplikta blir oppfylt. Ved bortleige skal kopi av jordleige-kontrakt sendast til kommunen som skal kontrollere at vilkåra for bortleige etter jordlova § 8 er oppfylt. Det er mellom anna krav om minst 10-årig kontrakt. Ved spesielle høve kan kommunen etter skriftleg søknad godkjenne kortare leigeperiode. Det vert sendt ut skriv til eigarane etter gards- og bruksnr. fordelt på 4 puljar; *Pulje 1; gnr. 1-50, pulje 2; gnr. 51-100, pulje 3; gnr. 101-150 og pulje 4; gnr. 151-211.*

Det vert sett frist for tilbake-melding på meldeskjema og evt. jordleigeavtalar for kvar pulje.

For meir info sjå omtale om driveplikt på www.luster.kommune.no

Skjema for jordleigekontrakt og meldeskjema kan lastast ned frå heimesida til kommunen eller du kan få papira tilsende ved å ta kontakt med kommunen.

dvs. ein plan for korleis nasjonalparkstyret vil legge til rette for bruk av verneområda i Breheimen, og korleis ein vil informere om områda.

For fleire nyhende, kan du følgje oss på vår heimeside og på Instagram: www.nasjonalparkstyre.no/breheimen
www.instagram.com/breheimen/

Nasjonalparkstyret oppmodar alle som er på tur, og som kjem til ein sjølvregistreringskasse om å fylla ut eit svarkort. Det er også viktig at folk lokalt deltek i spørjeundersøkinga, her går desse blide karane føre med eit godt eksempel. Foto: SNO – Liv Byrkjeland.





Døme på vanskeleg tilgjengelege elveforbyggingar på grunn av attgroing.

Vedlikehald av elveforbyggingar og skjøtsel av kantsoner

Kommunen er pålagd å føre tilsyn med sikringsanlegg mot flaum, erosjon og skred. I samband med dette er det avdekka stor trong for vedlikehald og skjøtsel langs vassdraga. For dei aller fleste elveforbyggingane vart ansvaret for vedlikehald og skjøtsel lagt til grunneigarane som vilkår for offentleg støtte ved gjennomføring av forbyggingsarbeida. Kommunen vil minna grunneigarar om kva dette ansvaret in-neber.

Skjøtsel og vedlikehald

Skjøtseloppgåva omfattar ettersyn og naudsynleg vedlikehald, som å leggja på plass att steinar som har rasa ut, rydding av skog på og ved forbygginga, halde ve-gar til områda opne og ta ut massar frå massebasseng med jamne mellomrom.

Vegetasjon

Vegetasjon på flaum- og sikringsanlegg skal helst vera samansett av vekstar med gode rotsystem som bitt mest mogleg av massane. Tre med diameter større enn 8-10 cm bør fjernast, fordi røter og rotvelter kan skada sikringsanlegget. Tilkomsten til flaumverka må haldast opne og i stand for ferdsel i beredskapssituasjonar.

Generelle skjøtelsråd


Ved skjøtsel av kantsoner mot vassdrag skal ein så langt råd er ta vare på dei bio-logiske verdiane som er der. Tre, kvistar og avfall som har dotte ned bør fjernast. Tre nærast vasskanten bør fjernast. Sprøyting vert normalt ikkje tillate, men avgrensning bruk av glyfosat som stubbebehandling kan likevel vere eit tiltak for å unngå at areal grov att.

Skjøtelsråda gjeld også for verna vassdrag under føresetnad av at verneverdiane ikkje vert forringa.

Vannressurslova (utdrag)

Jf. vassressurslova §11 skal det langs vassdrag med årssikker vassføring opprett-haldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gjev levelege tilhøve (levestad) for plantar og dyr.

Kommunen oppmodar grunneigarane å gå over strekningane dei er eigarar av, rydda skog langs kanalar og elvelaup, og syta for at elvelaup er frie for nedfallstre og greiner.



Døme på elvelaup som treng oppreinsking.

NYE LUSTRINGAR

Ilze Aboltina

- Fortel litt om deg sjølv?

Eg heiter Ilze Aboltina og kjem frå Latvia. Eg er ein person som er glad i menneske, natur og liker å reise.

Familien min er splitta; nokon av borna bur i Sverige, reiser derfor til Sverige i staden for Syden. Trivst godt i internasjonale samfunn der eg kan lære nye ting, både språk, kultur, matkultur og musikk. Elskar Sivert Høyem, Vamp.

Eg har valt eit heilt nytt yrke her i Noreg, heimhjelp. Før jobba eg meir eller mindre med mat, bakar, teknologi, inspektør og restaurantmedarbeidar. Trivst veldig godt i Noreg. Har skaffa meg både Latviske og norske venner både gjennom jobb og utanfor jobb.

- Kvifor flytte du til Luster?

Har blitt kjent med Luster kommune gjennom nokre av mine venner. Det var overraskande å treffe mange Latviske bærplukkarar som kjem frå same by i Latvia som meg sjølv.

Når det vart lyst ut ein fast stilling i Luster kommune, måtte eg sende søknad.

- Kva er det beste med å bu i Luster kommune?

Eg prioriterer å bu på små plassar framfor dei store byane, det kjennest litt meir «familiært». Har ein lyst til å handle, tek ein turen til Sogndal eller Førde, det blir som ein søndagstur med ei spesiell stemning, både med shopping og kos på kafé. Naturen i Luster kommune og omgivingane er berre FANTASTISKE, mange muligheiter for gåturar.

- Kva kan Luster kommune bli betre på?

Kommunen skulle kunne tilby leilegheiter til dei som er innflyttarar og nyttilsette i Luster kommune.



Jorunn Skålvik

- Fortel litt om dykk sjølv?

Jorunn Skålvik, 37 år. Oppvokst i Slemmestad i Røyken kommune i Buskerud. Jobbet tidligere lenge i Kiwi, er ny butikksjef ved Coop Fortun og håper å jobbe der minst like lenge. Har engasjert meg i idrettslaget, dyrevernlaget og i korpset siden jeg flyttet hit.

- Kvifor flytte de til Luster?

Jeg flyttet til Gaupne med to tenåringer, fire katter og en to uker gammel baby i fjor sommer. Far til yngstemann er oppvokst i Gaupne (Kai Øystein Søvde), jobber ved NTP og hadde hjerterom og litt plass til oss.

- Kva er det beste med å bu i Luster kommune?

Jeg har ikke angret en dag på at vi flyttet hit. Det er en hjertevarm og imøtekommende befolkning som tar godt vare på oss nye. Jeg har møtt mange positive og blide men-nesker! Fargen på Lustrafjorden, fossefallene og fjellskrentene har jeg forelsket meg i. Og jeg elsker å se alle dyrene som beiter, enten det er i en bratt skråning eller på flata i Gaupne. Jeg synes Luster er en innholdsrik kommune, med mye å by på for innbygge-re og tilreisende.

- Kva kan Luster kommune bli betre på?

Det eneste jeg savner i Luster kommune er boliger. Det er lite på markedet for de som etablerer seg for første gang.





Frå opninga av nyebutikken på Skjolden.
Alle foto: Halvard Johan Bolstad.



Ordføreren klypper snora som Ole Martin Bakken (Skjolden Eigedom AS) og butikksjef Silvija Apeināne held.

Ny daglegvarebutikk i Skjolden

Den 12. mai var ein merkedag i Skjolden då det vart opna ny dagligvarebutikk for fyrste gong på 52 år. Meir enn to hundre bygdefolk møtte opp på dagen og var spente på å sjå innsida av butikken. Barnehagen stilte med norske flagg og vart ikkje skuffa då dei endeleg fekk komme inn etter at ordføraren hadde klypt snora. COOP Vest baud på grillmat, kaffi og kaker til alle, og is og smoothie til dei minste.

Prosjektet med å få bygd ny butikk i Skjolden starta som eit initiativ frå bygdelaget for 4 år sidan. Samvirkebutikken hadde gått godt i fleire år, men spesielt i sommarmånadene var det trongt og uoversiktleg. Butikksjef Silvija Apeināne ynskte seg eit lokale med moderne standard og plass til både cruisepassasjerar, bubil-turistar, hyttegjester og lokale

innbyggjarar. Bygdelaget tok tak i saka og stifta selskapet Skjolden Eigedom AS, og fekk med seg folk frå fjern og nær til å teikne aksjar. Det viste seg at mange likte ideen, for Skjolden Eigedom har no nærare 1 million kroner i aksjekapital. Saman med tilskot frå Merkur-programmet og Luster kommune, samt lån frå kommunen og Luster Sparebank, fall finansieringa på plass.

Det nye selskapet fekk kjøpe det eksisterande butikkbygget av COOP Eigedom Vest, og sette i gang rivinga i september i fjor. Hafslø Byggservice teikna nybygget og Fuhr Bygg vart engasjert som entreprenør. Det vart gjort ein stor dugnadsinnsats under rivinga og undervegs i bygginga med avfallshandtering og måling. Utan denne dugnad-

sinnssatsen hadde ikkje prosjektet med ny butikk lete seg realisere. I åtte månader måtte bygdefolket klare seg utan butikk i bygda, og fekk kjenna saknet etter ikkje berre den praktiske nærbutikken, men også etter bui som møteplass. Men den 12. mai var ventetida endelig omme, og det er no ein pen, moderne butikk i Skjolden. Coop Vest leiger bygget på langsiktig kontrakt av Skjolden Eigedom. Saman med det nyoppussa hotellet, kaféen «Kolonialen» og Fjordstova er butikken med på den positive utviklinga i Skjolden sentrum. Med gode opningstider og godt utval ligg alt til rette for ein god handel i Skjolden!



Agnese og Gita ynskjer velkomen.



Kakeko.



Butikksjef Silvija Apeināne.

Aslak og Siri Dalehaug fortel om Nye Skjolden Hotel

1. oktober 2015 startet en lang og nøysom prosess med å gi Skjolden Hotel i Luster en komplett ansiktsløfting. Hotellet bar preg av mange tidsepoker og trengte en oppgradering for å fremstå slik dagens gjester forventer.

Vi, Aslak og Siri, har gjennom høsten, vinteren og våren lagt ned en stor porsjon egeninnsats for å komme i mål med vårt nye livsprosjekt. Dog hadde vi ikke klart dette uten dyktige lokale arbeidere.

Første prosjekt var å bli «kvitt» alle gamle møbler og inventar. Hva er vel bedre da enn å invitere til loppemarked/basar. Det var kø utenfor inngangen lørdag 12. oktober. Mang en sogning fikk en god handel denne dagen. Vi som vertskap var veldig fornøyd med at gamle «skatter» fikk nye eiere og ikke nødvendigvis fant veien til SIMAS enda.

Hotellet var nå mer eller mindre klart for å ta fatt på en omfattende rehabilitering.

Tepper har blitt fjernet i alle felles areal til fordel for nye tepper og ikke minst nytt steingulv i resepsjon og barområdet. Innvendig tak er revet og utbedret. Gammelt pipeløp ble heldigvis funnet i forbindelse med at vi rev tak i stuen – avgjørelsen om å bygge opp igjen pipen ble tatt i løpet av få minutter. Resultatet ble ny ovn nede i restauranten og oppe i salongene – ett helt riktig valg for å skape en god atmosfære.

Varmepumper er satt inn i fellesarealene for å gi god og effektiv varme gjennom kalde



Ordfører Ivar Kvalen ynskjer det nye vertskapet på Skjolden Hotel til lukke med det nyrenoverte hotellet 6. mai.

perioder. Punkterte vinduer er skiftet ut. Vegger er malt opptil flere ganger for å gi det rette resultatet. Resepsjon og bar er malt for å gi litt kontraster. Et fyldig vareutvalg er nå å få kjøpt. Vi satser på lokalt øl fra leverandører i fylket primært. Her er et rikholdig utvalg å få tak i.

Alle rom har fått nye møbler og lamper. Hele 3 etasje er pusset opp med parkett på alle rom, nye senger og senggavler. Alle rom i sokkeetasjen har fått parkett og er dedikerte hunderom.

Alle møbler i salongene, barområdet, resepsjon, restaurant, terrasse og uterestaurant er nye. Nytt vinrom. Kjøkkenet er utbedret med nye produksjonslinjer, ovner, kjøll, frys og lagerplass – alt for å tilfredsstille dagens krav fra mattilsyn m.m. Nye vasker og avløp var også en nødvendighet å få skikkelig – her er gjort en stor jobb!

Nytt personalrom med tilhørende personalgarderobe er også ett «must» – her skal være både toalett og dusj for å tilfredsstille

dagens krav. Vertskapet har fått «egen leilighet» i hotellet for til enhver tid være tilstede!

Sist, men ikke minst, er hele bygningen malt utvendig: – Hvit med grå vinduskarmer for å gi bygningen den friske look'en.

Nytt gjerde rundt eiendommen av hensyn til skjenkebevilling. Ny utvendig innhegning til alt avfall er også satt opp.

Hagen har fått egne kompostbinger, trær er sagd ned for å få fullt fokus mot Lustrafjorden hvor enn du sitter i salongene, restauranten eller terrassen. Urtehage er satt opp. Bærbusker og frukttrær er beskåret og klar for ny blomstring.

Alt dette sammen med markedsføring, strategiarbeid, økonomi, booking, ansettelse og sikkert mye mer er gjort i perioden 1. oktober 2015 – 27. april 2016.

Nå er vi endelig klare for å ta vel imot gjester på Skjolden Hotel – **VELKOMMEN TIL ALLE & ENHVER!**



«På historiske vegar» Sommaren 2016

Program for Luster Sogelag sine historiske vandringar

8. juni: Mørkridsdalen-Bergaflaten, restaurert sel med spesiell historie

Frammøte parkeringsplassen på Meljane
Kjentmann Kjell Einar Ormberg

22.juni: Gamle og nye tider på Skjolden

Frammøte Coop Skjolden
Kjentmann Hallvard Johan Bolstad

6. juli: Gamlevegen til Ottad`n

Frammøte Kvålsvikji-Fiskasete
Kjentmann Silvija Apeinãne

20.juli: Hestaskårane

Frammøte parkeringsplassen Dale kyrkje
Kjentmann Bjørg Hovland

3.august: Telefonlinja og gamle vegar på Sognefjellet

Frammøte Coop Fortun
Kjentmann Kjartan Kvien

17. august: Alme-Almetunet på sørsida

Frammøte Coop Skjolden
Kjentmann Siri Almetun

31.august: Gamle møller i Tver-elvi Gaupne

Frammøte Coop Prix Gaupne
Kjentmann Norvald Røneid

Alle vandringane har oppmøte kl 18.00, og varierar i tid og terreng. Ta med mat og drikke, gode kle og sko, og gjerne gå-stavar.

VEL MØTT!



Hanne Krogh.



Sigrid Moldestad.

Sommar i Dalsdalen

Gamlestova på Øygarden i Dalsdalen viser bunadutstillinga til Bjørg Hovland. Ho har gjennom eit langt liv samla inn materiale og rekonstruert bunaden frå indre Sogn. Gamlestova har også dei siste åra husa in-timkonsertar på søndagane i juli. I år blir det større aktivitet enn nokon gong, med både lokale, regionale og nasjonale bidrag-sytarar. Stova, med sine ca 50 sitjeplassar, er nok ikkje blant dei største konsertlokala i distriktet, men antakeleg blant dei hyggelegaste. Fyrst ut er Dalatrioen frå Sogndal, 17. juli. Kari Mal-manger var i Gamlestova i fjor og skapte ei minneverdig stund for alle som var der. I år har ho med seg Birte Husum og Marita Englandsdal Hansen. Dei syng både salmar, folkemusikk og viser, og leikar seg med improvisasjon. Søndag 24. juli er det duka for gjenhøyr med Hildur Øygarden, opprinneleg frå Lus-ter, og med ei mangfaldig og solid karriere innan det nasjonale folkemusikkmiljøet på 80-talet. Søndag 31. juli kjem Sigrid Moldestad, som med fela, ei indarleg røyst og djupe tekstar, trollbind publikum uan-sett kvar ho er. I samband med Landsfestivalen i gamaldans som er i Gaupne frå 3.-7. august kjem det mange muskarar til distriktet vårt. Anne Hytta frå Telemark er ikkje deltakar på festivalen, men kjem like-vel til Luster og Gamlestova og held konsert på ettermiddagen onsdag 3. august, i god tid før sjølv op-ningskonserten i Gaupne. Ho er hardingfelespelar, spelemannprisvinnar og eksperimenterer i ulike sjang-rar. Fram til i år har konsertane i Dalsdalen vore innafor den store og mangfaldige folkemusikksjangeren. Årets siste konsert, søndag 7. august, bryt med denne tradisjonen. Då ynskjer vertskapet velkomne til sein-sommarkonsert med Hanne Krogh. Det er stor avstand frå dei største konsertsalane og kyrkjene i landet vårt og fram i Dalsdalen, men Hanne



Bunadutstilling i Dalsdalen.

Krogh tek turen likevel og gjev ein høgst sjeldan intimkonsert saman med pianisten sin, Svein Ragnar Myklebust.

I fjor var det utseld og fullt på alle konsertane. Derfor blir det i år høve til å tinge billetter via sms til 92068060. Velkommen til ein spennande og variert sommar i Dalsdalen.

Jubileumsfestival i Sogn og Fjordane

LANDS FESTIVALEN 2016
3.-7. august
I GAMMALDANSMUSIKK Gaupne

I starten av august er det venta storinnrykk til Gaupne i samband med at Landsfestivalen i gammaldansmusikk feirar 30-årsjubileum. Deltakarar og publikum kjem frå heile landet, og musikken og dansen kjem til å setja sitt preg på sentrum desse dagane.

Landsfestivalen 2016 går av stabelen i Gaupne 3. - 7. august. I tillegg til tevlingane tilbyr festivalen eit rikt kulturprogram desse dagane.

Stor velvilje frå lokalmiljøet

- Gaupne er ein fantastisk stad for eit slikt arrangement, for her ligg alle arena i kort avstand til kvarandre, seier festivalsjef Synnøve Bjørset.

Vertskap for festivalen er Jostedal spel- og dansarlag og Gamlebanken Spelemannslag. Begge laga har god erfaring som arrangørslag. Festivalnemnda er svært godt nøgd med mottakinga dei har fått i lokalsamfunnet, og gler seg til at dei besøkande skal få same velkomsten i august.

Det er allereie svært mange som har meldt at dei kjem, både som deltakarar og som frivillige. Landsfestivalen er eit stort arrangement og det trengst mange hundre hender og hovud for å dra det heile i land. Åslaug Timenes Bell har ansvaret for å koordinere frivilligarbeidet.

- Som frivillig får du ikkje berre oppleve festivalen. Du får oppleve den frå innsida. Me har fått mange frivillige frå Gaupne og Sogn, noko me er svært glade



*Gamlebanken Spelemannslag er arrangørslag saman med Jostedal spel- og dansarlag. Desse får du også møte under konserten "Frå Sygnefest til Skjoldar".
Foto: Oddleiv Aþneseth.*

for. Og det er framleis plass til fleire. Om du registrerer deg som frivillig i nettskjemaet på heimesida, vert du vidare kontakta av oss. Meld deg til teneste, oppmodar Bell og smiler lurt.

Laurdagsfestival i Parken

Det vert eit stort familiearrangement på laurdag i Parken, med tilrettelagde aktivitetar. Kari Malmanger inviterer inn til konsert, og Arne og Asbjørg Sølvsberg ber med seg alle til dansemoro. Det vert også kappleik, køyring med hest og



Kari Malmanger inviterer til barne- og familiekonsert i Parken under Laurdagsfestivalen.

vogn og open scene der alle som ønskjer kan opptre.

Konsertar for ein kvar smak Landsfestivalen inviterer til ein ekte sognakveld i Parken onsdagskveld. Med konserten "Frå Sygnefest til Skjoldar – 20 tradisjonsmil" vert lokale utøvarar som har fremja gammaldansmusikken heidra.

Fredag ettermiddag vert det arrangert PolkaLutt med direktesending frå Parken, i godt samarbeid med NRK Sogn og Fjordane og Stian Sjørnsen Takle. På kveldstid same dag feirar Landsfestivalen sine 30 år med jubileumskonsert i hallen.

- Landsfestivalen feirar 30 år i 2016, og me inviterer til ein kveld med skråblikk og tilbakeblikk på ein festival der dei musikalske høgdepunkta har stått i kø. På denne konserten vil me presentere både lokale og tilreisande utøvarar som har vore



Lystringen er både artistar, deltakarar og frivillige under Landsfestivalen. Du ser dei i sving under konserten "Frå Sygnefest til Skjoldar". Foto: Thor Hauknes.

med på å prege festivalen gjennom åra. Konserten blir leia av ein kjend og kjær sogning som vil kalle fram både latterbrøl og jubelrop, nemleg Finn Tokvam, sprudlar festivalsjef Bjørset.

- Sundagsmorgon inviterer kyrkja i Luster til gudsteneste i Gaupne kyrkje, før festivalen

vert avslutta med den tradisjonelle Meisterkonserten der vinnarane vert kåra og signerar med ein slått kvar, seier Synnøve Bjørset.

Blir du med?

Meir informasjon finn du på landsfestivalen si heimeside: www.landsfestivalen.no



Me gler oss til Landsfestivalen i august!

Korte fakta om Landsfestivalen

LANDSFESTIVALEN I GAMMALDANSMUSIKK

- Årleg Norgemeisterskap i gammaldansmusikk

Arrangementseigar:

FolkOrg

Prosjekteigar 2016: Jostedal spel- og dansarlag / Gamlebanken Spelemannslag

Landsfestivalen feirar 30-årsjubileum i 2016
Første gong Landfestivalen er lagt til Sogn

Arrangert første gong i 1986 (Førde)

Arrangementet rullerar mellom ulike arrangørstadar kvart år

Forventa deltakartal: 500
Forventa dagsbesøk: 2 500 – 3 000

Festivalnemnda 2016

Synnøve S. Bjørset
– festivalleiar

Ingrid Heieren
– info og marknad

Oda Bolstad
– tevling og program

Åslaug Timenes Bell
– frivillige, festivalkontor og økonomi

Hans Erik Lingjerde
– arena og teknisk

Arve B. Røneid
– mat og drikke

Asbjørn Røneid
– innkvartering

Nettsider og sosiale media:

www.landsfestivalen.no

www.twitter.com/landsfestivalen

[Instagram@landsfestivalen](https://www.instagram.com/landsfestivalen)



*Elin Fossheim, dirigenten til vertskorpset, dirigerer alle 430 musikantane. Her er det øving for stor felleskonsert.
Foto: Terje Eggum, Sogn Avis.*

Korpsfestival i Gaupne i strålende vèr

Gaupne skule- og ungdomskorps feirar heile 50 år i år. Gratulerer med stort jubileum!

Kva gjer du når du jubilerer? Jo då inviterer du til stor fest. Det gjorde også korpset i Gaupne. Fyrste helga i juni, på varme sommardagar, kom 11 korps på besøk til Gaupne og 430 musikantar hadde ei strålende helg saman. Arrangørane laga ei flott festhelg med konsertar ulike stader i bygda, innmarsj og felleskonsert. Det let fint når 430 musikantar spelar i lag. Alle fekk prøve Lustrabadet. I Parken var det grillfest og fengande konsert med Erik og Kriss. – Me var strålende fornøgde med festen vår, berre lovord å få frå gjestene, fortel Jan Magne Svåi til Lustranytt.



Jubilanten sjølv, Gaupne skule- og ungdomskorps held konsert utanfor Gaupne omsorgssenter.



Det kom korps langves frå til festivalen i Gaupne. Svelgen kjem her på innmarsjen.



Musikk om dagen og musikk om kvelden. Erik og Kriss hadde ein flott konsert i Parken og publikum storkosar seg!



Gjestene kosa seg til korpsmusikken i Parken. Gjestedirigent Oddgeir Øren frå Årdal får alltid god kontakt med publikum og får fram det beste i musikantane.



Dei lokale korpsa var sjølvskrivne gjester i 50 års jubileet.





Bunadsvisninga vart leia av Bjørg Hovland og hadde samla eit større tal kjende og mindre kjende bunadsdetaljar som no er restaurerte og tekne i bruk.



Traktoren til Johan Mørkrid tok 1. premien blant veterantraktorane.

Kulturdagane 2016 - for ei helg!

Dei får det til på Skjolden! Sist i mai vart det arrangert flotte kulturdagar inst i kommunen vår. Dei hadde eit rikholdig program mellom anna med skattejakt, teaterframsyningar, krimkveld med Rune Timberlid, kunstutstilling, kleutstilling, veteranbilar, konsertar av alle slag; kyrkjekonsert, akustisk med Sindre Steig, Vidar Busk and his True Believers, lokale songkor og korps. Den nystarta lokale gruppa «Folk Flest» hadde så godt førehandssal at dei hadde 2 konsertar. Gjestene var godt fornøgde. Me håpar at folk flest etter kvart får høve til å oppleve «Folk Flest».



Kirsten og Alf Kristoffersen fekk Kulturdagsprisen 2016 for sitt mangeårige engasjement.



Lill Halbakken og hennar modellar viser fram klede etter hennar design.



Ansiktsmaling er populært og godt besøkt på kulturdagane.



Publikum kosar seg i hotellhagen og ventar på neste konsert.



Folk Flest heldt 2 konsertar under kulturdagane og bergtok publikum.



Ei spreke gruppe Aqua-Splash entusiastar.

Populært med Aqua-Splash

Det har sidan nyttår vore Aqua-Splash på Lustrabadet kvar onsdag ettermiddag. Det har vore svært populært, og nesten fulle klassar kvar gong.

Linda Goldmann og Heidi Bruheim er begge tilsette ved Lustrabadet, og hausten 2015 tok dei vanngym-instruktørkurs i Oslo. Aqua-Splash er ei veldig inspirerende og energisk treningsøkt der du får brukt heile kroppen. Treninga føregår i oppvarma vatn (34 grader). Styrkeøvingar i vatn er ei skånsam og effektiv treningsform med ein jamn ytre motstand. Oppdrifta i vatnet gjer at ein unngår støyt og uheldig belastning, noko som gjer treninga skånsam og med minimal belastning.

Aqua-Splash startar opp igjen i august 2016. Velkommen skal du vere til ei moro og actionfull treningsøkt, med inspirerende instruktørar!


LUSTRABADET

OPNINGSTIDER SOMMAREN 2016

20.juni-15.august

Måndag		10.00-19.00
Tysdag		10.00-17.00
Onsdag		10.00-19.00
Torsdag		10.00-17.00
Fredag	06.30-08.30*	10.00-19.00
Laurdag		10.00-17.00
Søndag		10.00-17.00

*Morgonsymjing 1.juli, 15.juli, 29.juli og 12.aug



Returadresse:
Luster kommune,
N-6868 Gaupne,
Noreg/Norway

Nytt legevaktnummer

Legevakta har same nummer i heile landet: Med det seksifra nummeret 116117 (hundreogseksten-hundreogsyttien) kjem du til legevakta der du oppheld deg, uansett kor i Noreg du ringer frå. Nummeret fungerer både frå fasttelefon og mobil, og er gratis.



Legevakt nummer 116117

Oppgåvefordeling mellom fastlege og legevakt er ikkje endra. Legevakta skal berre nyttast til å dekke augeblikkeleg hjelp som ikkje kan handterast av eigen fastlege.

Ring først!

Legevakta er open for telefonhendingar heile døgnet. Det er i dei fleste tilfelle best at du ringer på førehand for å få ein vurdering av situasjonen og tilbod om relevant hjelp.

Når du treng legehjelp: Kven skal du ringja?

- Fastlegen din i opningstida 57 68 56 00.
 - Legevakt 116117 når fastlegen ikkje er tilgjengeleg og hjelpa ikkje kan vente.
 - 113 når det er akutt og står om liv.
- Fastlegen kan også gje hjelp raskt.



Det vert turistinformasjon ved Fjordstova, Breheimsenteret og Lustrabadet i sommar.

Opningstider:

Skjolden - Fjordstova

Kvar dag 11:00 - 19:00 1. Juni - 15. August

Jostedal - Breheimsenteret

Kvar dag 09:00 - 18:00 26. juni - 25. August

Gaupne - Lustrabadet

21. juni - 16. august:

Same opningstider som badet, dvs.

Måndag, onsdag og fredag 10.00 - 19.00

Tysdag og torsdag 10.00 - 17.00

Laurdag og søndag 10.00 - 17.00

Felles kontakt til turistinformasjonane

- i Sogn er mob: 99 23 15 00 og info@sognefjord.no
- Breheimsenteret: jostedal@jostedal.com 57 68 32 50
 - Fjordstova: skjolden@sognefjord.no 94 15 19 90
 - Lustrabadet: luster@sognefjord.no 94 15 74 88



LUSTRA^{nytt}

Nr. 1 - 2016

Opplag: 4.500. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnentar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukehus og Sentralsjukehuset Førde. Redaksjonen avslutta 13. juni 2016.

Ansvarleg redaktør: Rådmann Jarle Skartun
Redaksjonen er lagt til Servicetorget v/leiar Anita Bjørk Ruud.
Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er bidragsytarar til redaksjonen.
Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevast til nemnde adresser.

Redaksjonen si adresse:
Luster kommune, Lustranytt, Rådhuset, 6868 Gaupne.
Tlf. 57 68 55 00 Faks: 57 68 55 01
E-post: postmottak@luster.kommune.no
Layout/trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as.
Tlf. 57 65 60 05

Framsidedfoto: Lustrabui. Årets bedrift.
Foto: Anita Bjørk Ruud.

Viktige telefonnummer

Helsesenteret/Lege i kontortida Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet i servicetorget på rådhuset er også sentralbord for kontora på helsesenteret med unnatak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykisk helse.

LEGEVAKT	Tlf. 116117
TANNLEGEN i Nesgården	Tlf. 57 65 63 90
KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP (Veg/vatn/kloakk).	Mob. 48 10 21 20
NAV Luster	Tlf. 55 55 33 33

Andre viktige telefonnr.:	
Melding om brann	Tlf. 110
Vakthavande brannbefal	Mob.: 41 65 94 40
Politi/Lensmann	Tlf. 112